

# Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal



Riksantikvaren 2024

Stikkord / kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse,  
KULA Møre og Romsdal, landskap, kulturmiljø

**Riksantikvaren**

Pb. 1483 Vika, 0116 Oslo

Besøksadresse / Dronningens gate 13

Tlf. / 22 94 04 00

Faks / 22 94 04 04

E-post / [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)

[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

Design: [fetetyper.no](http://fetetyper.no)

Layout: [aksell-aksell.no](http://aksell-aksell.no)

Hårnålsvingane, Trollstigen Fv 63 Rauma kommune.

Foto: [Thomas Hartmann\\_Wikipedia Commons](#)

# Innhald

<b>FORORD</b>	<b>5</b>
<b>Del 1</b>	<b>6</b>
<b>Møre og Romsdal – landskap og kulturhistorie</b>	<b>7</b>
<b>Del 2</b>	<b>14</b>
<b>Omtale av dei enkelte landskapa</b>	<b>14</b>
1. Edøyfjorden og Sør-Smøla	15
2. Hustadvika	20
3. Romsdalsfjordbassenget.	24
4. Litldalen	28
5. Øvre Sunndal	32
6. Romsdalen	36
7. Eikesdalen	40
8. Gravdalen	44
9. Alnes på Godøya	48
10. Flåværleia	52
11. Hjørundfjorden	56
12. Geirangerfjordområdet	60



**Edøystjerna, ved Edøy kyrkje på Smøla.** Ei sjeldan steinsetting, truleg lagd i tidsrommet år 200–800 e.Kr. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

# Forord

Landskapet er som ei levande historiebok. Det fortel om liv og verksemd i Noreg slik det ein gong var, om endringar gjennom tidene, og om korleis det er i dag. Spora etter menneske finst overalt i landskapet – i det opne jordbrukslandskapet, i skog og mark, på fjellet og i byar og tettstader. Landskapet har alltid vore i endring, men i vår tid skjer endringane så fort og i så stort omfang at viktige verdiar og ressursar står i fare for å gå tapt. Utfordringa er å forvalte landskap på ein måte som både bevarer det, sikrar ein formålstenleg bruk og vidareutviklar det i eit langsiktig perspektiv.

For å bidra til å ta vare på, og opplyse om, nasjonalt viktige landskap har Riksantikvaren utarbeida ei landsomfattande oversikt: Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Arbeidet med oversikta er eit oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og er gjennomført i nært samarbeid med regional kulturminneforvaltning, og med involvering av kommunane. KULA er eit kunnskapsgrunnlag for planlegging, og betyr ikkje eit formelt vern eller ei freding. Oversikta signaliserer kva landskap som har nasjonal interesse, og kulturminneforvaltninga ynskjer med dette å bidra til ei meir føreseieleg arealplanlegging.

KULA inngår no i ei felles oversikt: Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Her vil også NB!-registeret (Kulturmiljø av nasjonal interesse i byer og tettsteder) inngå saman med kulturmiljø som på bakgrunn av geografisk plassering, art eller storleik ikkje har vore med i NB! eller KULA.

Med auka kunnskap og medvit om kulturhistoriske verdiar i landskap av nasjonal samanheng, ligg det og eit ynskje om auka engasjement for å sikre dei regionalt og lokalt viktige landskapa på ein berekraftig måte. Det er også eit ynskje om at kunnskapen om landskap vert nytta som positiv ressurs i samfunnsutviklinga.

Kommunen er den viktigaste forvaltaren av landskap gjennom arealplanlegging. For å sikre at dei kulturhistoriske verdiane i landskapet blir tekne vare på, og at verdiane kjem fram på ein best mogleg måte i planlegging og forvaltning, er eit samarbeid mellom kommunane og regional kulturmiljøforvaltning viktig.

12 landskap i Møre og Romsdal er utvald av Riksantikvaren, og dei vil inngå i kunnskapsgrunnlaget for KULA i Møre og Romsdal. Eit forslag vart sendt på høyring i 2022. I endeleg rapport er avgrensinga endra for seks av områda, og det er gjort nokre endringar i teksten. Rapporten startar med ei innleiing om landskap og kulturhistorie i Møre og Romsdal. Dette gir ein bakgrunn for omtalen av dei enkelte landskapa og sett dei inn i ein regional samanheng. Deretter blir kvart område presentert med kart og skildring, landskapskarakter og grunngeving for kvifor dette landskapet har nasjonal interesse. Til slutt kjem det ein omtale av kva området er sårbart for.

Rapporten er utarbeidd av Riksantikvaren med utgangspunkt i eit utkast som er skrivne av Møre og Romsdal fylkeskommune. Rapporten er tilgjengeleg på Riksantikvarens nettside [www.ra.no](http://www.ra.no). Landskapa vil òg leggest inn i Riksantikvarens kulturminnedatabase [Askeladden](#) og i [Kulturminnesøk](#).

Hanna Geiran  
riksantikvar

# Del 1

**Møre og Romsdal – landskap og kulturhistorie** 7

# Møre og Romsdal – landskap og kulturhistorie

**M**øre, havlandet, var nemninga dei sjøfarande i gamal tid nytta når dei omtala Møre og Romsdal. Namnet syner at det var kystleia som var den naturlege ferdsleveggen. I sør er leia avgrensa av Stadhavet, lenger nord av havstykket langs Hustadvika.

Landskapet er prega av høge fjell og djupe fjordar, som skjer langt inn i landet. Små og store holmar og øyer tek av mot storhavet. Tre fjordsystem avgrensar landskapet, og kvar av desse er delt opp i ei rekke tverrfjordar.

På Sunnmøre er tverrfjordane lange, omgitt av stutte og brattlendte dalføre. Frå Romsdalsfjorden er tverrfjordane kortare enn på Sunnmøre, og kløyver seg i eit ytre og eit indre basseng medan dalføra er lengre og slakare. Gjennom eit av desse dalføra, Romsdalen, går den viktigaste ferdsleåra mellom Møre og Romsdal og Austlandet. På Nordmøre er tverrfjordane lengre, og skil fleire store øyer frå

kvarandre. Ved enden av fjordsystema ligg vidstrakte dalstrokk. Nokre av desse fortsett vidare inn i Trøndelag.

Dei geografiske tilhøva har, gjennom historia, medverka til å gi dei tre regionane ulike sambandsliner til resten av landet. Medan Sunnmøre i stor grad har vore orientert sørover, har Romsdal og Nordmøre i hovudsak vore orienterte austover og nordover.

## FØRHISTORISK TID

Dei første, sikre funna av buplassar langs kysten av Sør-Noreg, går gjerne under namnet Fosnakulturen. Fosnakulturen er knytt til funn som vart gjort i nærleiken av Kristiansund, og syner spor etter busetjing tilbake til starten av eldre steinalder.

I eldre steinalder var nok busetjinga i hovudsak konsentrert om kystområda. Men det er også funne spor etter steinaldermenneske i høg fjellet; der dei jakta på reinsdyr. Restar etter fangstanlegg og opne



**Atlantehavsvegen ved Storseisundet.** Atlantehavsvegen inngår i ein kystveg som bind Averøya og fastlandet ved Hustadvika. Vegstrekninga er freda. Foto: Siri Wolland, Riksantikvaren.



Skageflå Vestnorsk fjordlandskap, Geirangerfjorden. Foto: Hanna Geiran, Riksantikvaren.



buplassar finst mellom anna i fjellområda mellom Romsdalen og Innlandet. Ved introduksjonen av jordbruket mot slutten av yngre steinalder spreidde busetjinga seg langs etter fjordane til det meste av fylket.

I bronsealderen, frå om lag 1500 f.Kr., finn vi spor etter mektige hovdingar på Mørrekysten. Imponerende gravhaugar, plassert langs farleia, syner sentralisering av makt og rikdom i denne perioden.

Gjennom bronsealder og jernalder, fram til omkring 500 e.Kr., ser det ut til at busetjinga i Møre og Romsdal har spreidd seg til det meste av det som i dag er rydda kulturlandskap, med unntak av stadar som i Øvre Sunndal og fjord- og hyllegardane langs Storfjorden.

Gardane som låg slik til, sende gjerne buskapen til fjells på sommarbeite. Fjellbeita danna utgangspunkt for seterbruket. Truleg er det i det alpine landskapet sør i fylket at seterbruket har sine eldste røter. I skogheiene lenger nord i fylket har nok utmarks-slåtta vore viktigare.

For utmarksbeitet ute ved kysten spelte kystlyngheiene ei vesentleg rolle. Kystlyngheiene har vorte utvikla gjennom heilårsbeite og regelmessig sviding, einskilte stadar og gjennom lyngslått.

Vikingtid og mellomalder

I dei siste hundreåra av førhistorisk tid auka folketallet i landet. Jord vart rydda i det som tidlegare hadde vore utmark, og større gardar vart inndelt i mindre bruk. I denne perioden drog og mange nordmenn over havet på leit etter nytt landnåmsland.

Den perioden som vert kalla vikingtida, var prega av ufred og strid om kven som skulle styre landet. Sagalitteraturen omtalar fleire slagstadar i Møre og Romsdal, som Sol skjelsøya, Sekken og Hjørungavåg. Mektige hovdingætter kjempa her mot kvarandre. Giske-ætta stod i ei særstilling når det gjaldt makt og innflyting. Ætta dominerte handel og varebyte, mellom anna i Borgund, og denne hovdingætta åtte store landområde.

Vikingtida var og ein periode som bar preg av ein sterk kulturell påverknad utanfrå. Kuli-steinen på Smøla er eit tydeleg døme på det. Inskripsjonen på steinen er frå tidleg på 1000-talet, og vert rekna som landet sin dåpsattest, ved at han nemner «Noreg» for første gang på norsk jord. Teksten nemner også at kristendomen er komen til landet, og på steinen er det rissa inn ein kross.

Folkeauken i mellomalderen la grunnlag for framvekst av kjøpstadar. Vi reknar med at det fanst 14 slike i Noreg på denne tida. To av desse låg i Møre og



**Kopi av Kulisteinen, på Kuløy.** Foto: Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Romsdal: Borgund og Veøy. Dei var økonomiske, religiøse og administrative senter for sine omland. På Veøy vart det til dømes halde fylkesting, og øya har vore eit religiøst senter sidan kristendomen kom til Noreg, kan hende og før den tid. Namnet «Veøy», «den heilage øya», kan tyde på det. På Veøy har det truleg stått fleire kyrkjer, og her ligg kristne graver frå 900-talet; som er blant dei eldste som er funne i landet.

I området der kjøpstaden Borgund låg er om lag 45 000 gjenstandar frå mellomalderen gravne ut og registrerte. Spor etter tre, kan hende fire, kyrkjer her på midten av 1100-talet, understrekar den leiande posisjonen staden hadde som eit religiøst senter på Sunnmøre.

Svartedauden i 1349 råka Møre og Romsdal hardt. Vi reknar med at folketalet vart redusert med minst to tredelar fram til byrjinga av 1500-talet. Nedgangen skuldast både pesten og at klimaet gradvis endra seg, og det vart kaldare. Mange gardar vart liggjande øyde.

Etter svartedauden kollapsa også etablerte handelsnettverk, og med det forsvann det økonomiske grunnlaget for kjøpstadane Veøy og Borgund.

#### NYARE TID

På byrjinga av 1500-talet tok folketalet til å stige. Øydegardar vart tekne i bruk att, og mange gardar vart delt. I perioden frå 1520 til 1666 vart folketalet i Møre og Romsdal nærast femdobla.

Handel med trelast vart ei ny vekstnæring i denne perioden; ein vekst som vart mogleg gjennom utbreiing av vass-saga. Trelasthandelen førde til at

store område ved kysten og kring fjordane i Møre og Romsdal vart snauhogde.

Frå 1500- og 1600-talet og utover vart det vanleg å dele gardane opp i fleire bruk. Denne delinga var særleg utbreidd langs kysten frå Lindesnes til Romsdal. At gardsjorda med dette minka for kvart ætteleid, let seg i hovudsak gjennomføre fordi bøndene hadde høve til å drive med fiske eller andre attåttnæringar, og dermed hadde dei fleire bein å stå på. Soleis voks klyngetuna fram.

Klyngetuna likna etter kvart små landsbyar, med mange bruk på kvar gard; og med dyrkingsjord og



beitemark spreidd på mange teigar. Tunskipnaden påverka byggeskikken, med mange, og gjennomgåande små, driftsbygningar, og la til rette for samarbeid og samdrift mellom bøndene. Til dømes var det vanleg at fleire bruk gjekk saman om å ruste ut ein felles storbåt til fiskesesongane.

Etter dei store utskiftingane frå 1850-talet og fram til om lag 1920 vart det stort sett slutt med teigblanding og klyngetun i Møre og Romsdal. Døme på klyngetun finst likevel framleis; mellom anna ser ein dette på Alnes i Giske kommune.

Auken i folketalet skapte grunnlag for nye handelsplassar. På 1500- og 1600-talet var Bud ein sentral handelsplass mellom Bergen og Trondheim. I 1742 fekk ladestadane Molde og Lille-Fosen (Kristiansund) bystatus. I 1793 fekk Ålesund avgrensa status som ladestad. Sterk vekst i folketalet utover på 1800-talet førte til at det vart mangel på jord, og fleire vart leiglendingar og husmenn.

I andre halvdel av 1800-talet opplevde både Kristiansund, Molde og Ålesund, som fekk bystatus i 1848, sterk tilflytting. Kristiansund vart den fremste eksportbyen for klippfisk i landet. Ruvande klippfiskbrygger i fleire etasjar og glattskura tørkeberg, ga byen ein umiskjenneleg identitet.

For Molde, som sidan 1614 hadde vore ladestad under Trondheim, var den tidlege veksten knytt til trelasthandel. Ved opprettinga av Romsdal Amt vart byen sete for amtmannen, og dermed eit administrativt sentrum.

Frå 1835 tok spanske kjøpmenn til å sigle til Ålesund og til Kristiansund for å handle klippfisk. Bakgrunnen var at Spania hadde innført tollfritak på varer som vart frakta heim på eigne skip. Gjennom denne «spansketida», som varte fram til 1870-åra, vaks både Kristiansund og Ålesund raskt.

Ålesund fekk fleire bein å stå på etter at byen vart hovudsete for det moderne havfisket, som vart innleia i 1861. Havfisket danna grunnlag for utviklinga av eit rikt næringsliv, mellom anna reiskapsindustri, skipsverft, klippfisk-mottak og trandamperi.

I siste halvdel av 1800-talet gjekk det føre seg ei omfattande utbygging av den maritime infrastrukturen langs heile kysten, også i Møre og Romsdal. Hamner og kaianlegg kom til, og oppsetting av fyrlykter og sjømerke var med på å gjere kystleia farbar heile året. Dampbåtar tok til å trafikkere fjordar og øyer med faste anløp. Hurtigruta, som frå 1907 tok til å gå mellom Bergen og Finnmark, gjorde kontakta med omverda enklare.

## 1900-TALET

Bybrannen i 1904 råka Ålesund hardt. Meir enn 10 000 menneske vart huslause. I løpet av fire år vart byen attreist i mur; i den karakteristiske Art Nouveau-, eller Jugendstilen, som framleis set sitt preg på sentrum av Ålesund.

I åra frå 1905 og fram til første verdskrigen etablerte ei rekkje bedrifter seg i Molde; mellom anna konfeksjonsindustri, motorfabrikkar og skipsverft. Bybrannen i 1916 råka dei fleste av trehusa på austsida av elva. Denne delen av byen vart seinare attreist i mur.

Første verdskrigen gav gode tider for maritime eksportnæringar. Klippfisk og tran var særleg etterspurd. Etterspurnaden gjorde at Kristiansund og Ålesund opplevde sterk økonomisk vekst. Mellomkrigstida med nedgangskonjunkturar råka desse to byane desto hardare. Som den første byen i landet, gjekk Kristiansund konkurs i 1921. Ålesund fekk og store økonomiske problem, og fleire av dei lokale bankane måtte innstille verksemda.

Samstundes var mellomkrigstida ei tid både for ekspansjon i fiskeria og for industrietablering. Den havgåande fiskeflåten fann stadig nye felt å fiske på, i stadig fjernare farvatn. På bygdene vaks såkalla kjellarbedrifter fram. Desse utvikla seg etter kvart til industribedrifter med mange tilsette. Eit godt døme på dette er Sykkylven. I Sykkylven danna slike små verksemdar utgangspunktet for det som framleis er ein livskraftig møbelindustri.

Ein meir aktiv, statleg næringspolitikk utover i mellomkrigstida førte mellom anna til at det vart oppretta tilskotsordningar for dei som ville satse på eigne fiskebåtar. Ordningane la grunnlag for ei modernisering av fiskeflåten, og bidrog til å utvikle ei maritim næring med skipsverft, motorfabrikkar, notbøteri og reiskapsindustri fleire stader i Møre og Romsdal.

Tilgang til elektrisk energi og til eit velfungerande transportnett både til lands og til vanns, var viktige føresetnader for industriutviklinga i mellomkrigstida. Gjennom ei storstilt utbygging av vasskraft, vart bedrifter, og etter kvart hushald, forsynt med straum.

I 1924 vart Møre og Romsdal kopla til jernbanelinnet, ved at Raumabanen vart fullført fram til Åndalsnes. Rutebilselskap vart etablerte over heile fylket, og stadig fleire skaffa seg sin eigen bil. For å legge til rette for den aukande trafikken, vart difor vegnettet bygd ut. Eit spektakulært døme her er vegen over Trollstigen, som opna i 1936.

I 1920 vart Møre Fylkes Ruteselskap (MFR) skipa. Dette var eit felles rutebåtselskap for heile Møre og Romsdal. Rutebåtsambandet vart stadig utvida med meir moderne båtar og hyppigare avgangar, og i andre halvdel av 1930-talet vart dei første bilferjene sett inn i regulær rutetrafikk.

For å skaffe arbeid til fleire, vart det i mellomkrigstida sett i gang tiltak med nydyrking og bureising rundt omkring i landet. Møre og Romsdal var blant fylka med flest bureisingsbruk, heile 1 300 bureisarbruk. Frostadheia på Smøla var eit av dei største bureisingsområda. Her kom det heile 33 nye bruk i løpet av 1930-åra. Av andre slike bureisingsområde i fylket, kan nemnast Osmarka, Furlandsmyra på Vestnes og Hustadvika.

## KRIG OG ETTERKRIGSTID

Då Tyskland gjekk til åtak på Noreg 9. april 1940, råka det militære angrepet ulikt i Møre og Romsdal. I desse dramatiske aprildagane vart Molde, Kristiansund og Åndalsnes nærast utsletta etter bombeåtak. I Kristiansund vart kring 800 av dei om lag 1 300 bygningane som fanst i byen, heilt eller delvis øydelagd. Den siste frie radiosendaren i Sør-Noreg, kringkastingsstasjonen på Vigra, vart lagt i ruinar etter eit luftåtak 15. april.

Møre og Romsdal vart ein del av «Festing Norwegen», den tyske forsvarslina som vart bygd langs Norskekysten. Kringom i fylket vart det sett opp fleire hundre bunkerar, kanonstillingar og andre meir eller mindre militære installasjonar.

Særleg ute ved kysten, på øyane og på viktige trafikknutepunkt og industristadar, som til dømes Åndalsnes og Sunndalsøra, var det tyske nærværet dominerande. I Åndalsnes låg hovudbasen for organisasjonen Todt, som mellom anna hadde ansvar for utbygginga av dei tyske festningsanlegga. I Sunndalsfjella heldt dei tyske okkupantane fram med utbygginga av Aura-vassdraget; ei utbygging som hadde starta opp fleire tiår tidlegare.

Då freden kom i 1945, vart oppbygginga av dei utbomba byane ei prioritert oppgåve. Attreisninga av Molde, Kristiansund og Åndalsnes vart gjennomført etter dei planane som vart utarbeidd av den statlege etaten «Brente staders regulering».

Etterkrigstida innleia ein ny periode med industrireising, og i Møre og Romsdal. Auka tilgang på vass-

kraft gjorde det mogleg å satse på kraftkrevjande industri. Aluminiumsverket på Sunndalsøra, som starta opp i 1954 som følgje av utbygginga av Aura-vassdraget, står som eit tydeleg døme på denne industrielle satsinga.

I åra etter krigen, og ikkje minst etter at bilsalet vart fritt i 1960, vart det omfattande endringar når det gjaldt samferdsle. Fjordbåtane vart etter kvart fasa ut, og avløyst av ferjer. Frå 1970-talet og utover vart fleire fjordkryssingar bundne saman av bruer og tunnelar. Til dømes vart Kristiansund landfast gjennom bygging av Krifast-sambandet, tidleg på 90-talet.

Lokale initiativ gjorde at flyplassen på Vigra utanfor Ålesund, kunne opnast i 1958. I 1970 fekk Kristiansund flyplass, og i 1972 Molde. Som ein del av utbygginga av kortbanenettet, vart Ørsta/Volda lufthamn på Hovden opna i 1971.


Gjennom mekanisering av drifta auka produktiviteten i landbruket i 1950- og 60-åra. Samstundes gjekk talet på årsverk ned. Gardsdrifta vart for mange ein deltidsjobb. Nokre bruk vart slått saman, og mange vart lagde ned. Til dømes vart dei fleste av dei veglause gardane langs Storfjorden fråflytta i løpet av 1950-talet. Dei vart for tungdrivne sett i høve til nye føringar i landbrukspolitikken og vart og for tungvinte i høve til folks meir moderne levesett med lønna arbeid og sentralisering.

Utover på 1960-talet gjekk det føre seg ei storstilt modernisering av fiskeflåta. Båtane vart meir spesialiserte og dei vart meir effektive. Samstundes vart det mindre behov for fiskarar. Løysinga for mange vart å satse på den gryande vekstnæringa, oljeindustrien. Skipsverfta tilpassa seg og dei nye tidene, og gjekk i gang med å byggje båtar og produsere utstyr til den framveksande offshoreflåten.

Ved inngangen til 2000-talet var fiskeoppdrett ei næring i sterk vekst, det gjaldt o her i fylket. Oppdrettsmærar vart eit vanleg syn i mange fjordarmar. Ved etablering av anlegg for ilandføring av gass frå Ormen Lange-feltet, på Nyhamna i Aukra, og industrianlegget på Tjeldbergodden i Aure, tok Møre og Romsdal for alvor steget inn i oljealderen.

Dei seinare åra har satsing på vindkraft sett sitt preg på kystlandskapet. På Smøla vart ein av dei første store vindparkane i landet, med heile 68 turbinar, bygd ut tidleg på 2000-talet.

1. Edøyfjorden og Sør-Smøla
2. Hustadvika
3. Romsdalsfjordsbassenget
4. Litldalen
5. Øvre Sunndal
6. Romsdalen
7. Eikesdalen
8. Gravidalen
9. Alnes
10. Flåværleia
11. Hjørundfjorden
12. Geirangerfjordområdet



# Del 2

## Omtale av dei enkelte landskapa

**Innhald**      3

**Forord**      5

**Møre og Romsdal – landskap og kulturhistorie**      7

1.	Edøyfjorden og Sør-Smøla	15
2.	Hustadvika	20
3.	Romsdalsfjordbassenget.	24
4.	Litldalen	28
5.	Øvre Sunndal	32
6.	Romsdalen	36
7.	Eikesdalen	40
8.	Gravdalen	44
9.	Alnes på Godøya	48
10.	Flåværleia	52
11.	Hjørundfjorden	56
12.	Geirangerfjordområdet	60

# 1. Edøyfjorden og Sør-Smøla

## Værlandskap langs viktig farlei

**Smøla og Aure kommunar**

**Areal: 477,9 km<sup>2</sup>**

**Området ligg i landskapsregion 24) Kystbygdene på Nordmøre og i Trøndelag (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)**

### PLASSERING

Landskapet Edøyfjorden og Sør-Smøla er plassert i dei to nordlegaste kommunane i Møre og Romsdal, og ligg sentralt plassert i kystleia mot Trondheim. Området omfattar øylandskapet i den sørlegaste delen av Smøla kommune, nordlege del av Aure kommune og fjorden i mellom.

### SKILDRING

Smøla kommune består av ei stor øy, «Fast-Smøla», og ein skjergard med meir enn 6 000 mindre øyer, holmar, skjer og båar; dei såkalla «smulane». Desse finn ein sør og vest i for Fast-Smøla, og desse har gitt kommunen namn. Ut mot Gripen, der Trondheimsleia møter havet, er farvatnet ureint, og gjennom tidene har det vore ei rekke skipsforlis her.

Edøyfjorden, som er eit reinare farvatn, bind Kuli, Edøy og Solskjelsøya saman. Hamnene ligg strategisk plasserte mot leia. Edøy og Kuløy skil seg ut frå resten av Smøla ved at berggrunnen består av konglomerat av sandstein, som har gitt grunnlag for betydeleg jordbruksareal med sjøldrenert sandjord.



**Nordaustlege delen av Kuli.** Edøyveien med toppane på Tusta i bakgrunnen. Foto: Arve Kjersheim, Riksantikvaren.

Kystlyngheier, forma gjennom lang tradisjon med beiting og sviding, pregar landskapet på fleire av øyene og holmane. Det er eit småskala jordbrukslandskap, der flekkar av dyrkbar jord ligg mellom bergknausar og store myrområde. Området er nesten fritt for trevokster.

Frå gamalt av har mykje av utmarka kring Edøyfjorden vore nytta til utmarksbeite og til viktige attåt-næringar, som fuglefangst og sanking av egg og dun; noko mellom anna stadnamna her vitnar om. Namnet Edøya kjem til dømes av edder, ærfugl, og på naboøya Kuli er det funne spor etter fuglefangst frå yngre jernalder.

Vi finn steinalderbusetnadar fleire stadar på Smøla. Her finst spor etter åkerbruk frå før-romersk jernalder, men steingjenstandar kan tyde på at det var jordbruk på fleire av øyene allereie i overgangen yngre steinalder/eldre bronsealder.

Samlinga med spreidde gravrøyser som ligg kring Edøyfjorden, på Edøy, Kuli, Fastlandsmøla og Solskjel, er ei av dei største langs Trondheimsleia. Kuli er den av øyene med tettast konsentrasjon av graver.

I eit av gravfelta på Edøya ligg ei stjerneforma røys, «Edøystjerna», som truleg er eit gravminne frå mellom 300- og 600-talet. Slike steinsettingar finst det få av i Noreg, og dei fleste ligg i nærleiken av det som skal ha vore lokale maktsenter.

På nordsida av naboøya Kuli står ein såkalla «heilag kvit stein», som truleg er frå same periode som Edøystjerna. Steinen står i tilknytning til eit større gravanlegg. Her er det til saman registrert 82 gravrøyser, og funna kan tyde på at desse øyene var viktige kultstadar allereie i før-kristen tid.

På bakken ut mot sjøen, øst for garden Kuli stod den såkalla Kulisteinen, ein korsmerka stein med runetekst. Den språklege utforminga kan tyde på at teksten er frå omkring 1000 e.Kr., og at han i så fall kan knytast til Olav Tryggvason sin freistnad på å kristne landet. Innhaldet kan også tolkast som at kristendommen hadde vore i Noreg i «tolv vintrar». Om så er, kan han vere rissa inn om lag tolv år etter at vedtaket om kristenrett vart gjort på Mostertinget i 1024.

Kulisteinen spelar ein viktig rolle i Noregs historie, da det er første gongen at ordet «kristendom» er nemnd i ein norsk tekst, og det er første gongen at namnet «Noreg» er skriftfesta på norsk jord (ref. Arne Kruse). Dette gjer Kulisteinen til eit symbol på overgangen mellom vikingtid og mellomalder; med seinare rikssamling, statsdanning, og kristninga av landet. På grunnlag av dette er nemninga «Noregs dåpsattest» nytta om Kulisteinen, og er innlemma i Unesco si liste over Norges dokumentarv.

I 2019 vart det ved hjelp av Georadar avdekt ei skipsgrav på Edøya. Skipet ligg begravd nordaust for Edøy gamle Kyrkje under dyrkingsjord og teiknar seg som ein 13 meter lang kjøl med antydning til bordgangar innsirkla av rester etter ei steinrøys på 18 meter i diameter. Sjølve skipet kan ha vore 16–17 meter langt, og er truleg frå yngre jernalder (ca. 570–1030 e.Kr.).

Solskjelsøya er i sagalitteraturen kjent som staden der Harald Hårfagre kring år 863 utkjempa to slag mot lokale hovdingar, som eit ledd i kampen for å samle Noreg til eitt rike. Slaga stod om rådveldet over Romsdal, Nordmøre, Sunnmøre og Fjordane. Harald gjekk sigrande ut, og overlét seinare desse områda til Ragnvald Mørejarl. Frå slaga ved Solskjel og utover i mellomalderen, har området kring Edøya og Kuli truleg vore ein del av eit kontinuerleg og stabilt maktsenter. Garden Edøy danna utgangspunkt for det mektige Edøygodsset, som kan ha lege her allereie i tidleg vikingtid. I mellomalderen vart Nordmøre kalla Edøy len, noko som understrekar den sentrale posisjonen til dette området.

Edøy gamle kyrkje står i dag att som det fremste symbolet på dette maktsenteret. Kyrkja var ei av to steinkyrkjer som fanst på Nordmøre, og ei av ni frå mellomalderen i heile Møre og Romsdal.

I seinmellomalderen vart det ein stadig aukande internasjonal etterspurnad etter fisk. Der hamnetilhøva var gunstige og farvatnet smult, vart det bygd opp små samfunn, fiskevær. På fiskeværa samla folk seg for utror under dei årlege fiskesesongane.

Utover på 1900-talet, med moderniseringa av fiskeflåten og utviklinga av havfisket, mista etter kvart fiskeværa sin opphavelege betydning. Mange vart





**Edøy kyrkje.** Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

fråflytta, og forfallet sette inn. Framleis står bygningsmiljø att, som minne frå tidlegare tider, og som blikkfang for dei som kjem nordetter leia.

Sør på Edøy ligg restar av det som var Edøy kystbatteri. Kystbatteriet, som vart bygd av den tyske krigsmakta i juni 1941, var ein del av Festung Norwegen, forsvarslina langs Norskekysten.

#### LANDSKAPSKARAKTER

Farleia og værlandskapet langs Edøyfjorden og dei to kommunane Aure og Smøla, omfattar nokre få større øyer, og eit mylder av mindre øyer, holmar og skjer. Den sentrale plasseringa langs farleia har danna grunnlag for maktkonsentrasjon i forhistorisk tid, uttrykt gjennom rike fornminne. Kombinasjonen fiske og jordbruk har vore det viktigaste livsgrunnlaget for folket her. Komplette bygningsmiljø står att som synlege spor etter mange fiskevær, og kystlyngheier vitnar om beitebruk og skjøtsel langt attende i tid.

#### NASJONAL INTERESSE

Den strategiske plasseringa i Trondheimsleia, saman med eit rikt jordegods og utnytting av marine ressursar, har vore med på å bygge opp eit regionalt maktsenter i dette landskapet. Området har også ei viktig rolle i vår nasjonale historie. Dette vert understreka gjennom slagstaden Solskjel, som kan seiast å ha vore ein del av rikssamlinga, og gjennom Kulisteinen; med sin bodskap om tidleg kristendom, og som vår eldste kjelde til namnet Noreg.

Naturressursane i landskapet har gjeve grunnlag for fleire fiskevær på fastland, og på dei mange små øyar og holmar. Linja frå dei førhistoriske gravhaugane og fram til krigsminna frå andre verdskrigen, er med på å streke under området si strategiske plassering langs kystleia.

#### SÅRBARHEIT


Dei verna områda i Smøla kommune omfattar to landskapsvernområde og ni naturreservat, der både våtmark og lyngheier inngår. Her finst eit variert plante- og fugleliv, som er svært sårbart for ytre påverknad, mellom anna nemmast den sterkt trua kystlyngheia. Det er statsforvaltaren som har forvaltningsansvaret her og det er vernereglane og forvaltnings- og skjøtelsesplanane for dei verna områda som gjelder.

Landskapet er sårbart for fleire ulike påverknader. Større infrastrukturtiltak, som til dømes utbygging av vindkraft, vil vere eit trugsmål mot dei mange og lange historiske spora som framleis finst langs Edøyfjorden og i Sør-Smøla området. Slike inngrep vil kunne forringe den visuelle opplevinga av eit ope og flatlendt kystlandskap med sjeldan stor tidsdjupne.

Manglande skjøtsel av landskap og manglande tilsyn med fråflytta bygningar, bidreg til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Det bør stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald, for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter av eit fiskarbondelandskap. Særpreget i bygningsstrukturen er sårbart for nyetableringar, her bør ein ta særskilt omsyn til plassering i landskapet og utforming.

Klimaendringane med hyppigare stormar og meir nedbør, er eit trugsmål mot bygningar, kaianlegg og andre kulturminne i kystområdet.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynsone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynssoona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



## 2. Hustadvika

### Kystlandskap langs krevjande farlei

Averøy og Hustadvika kommunar

Areal: 185,8 km<sup>2</sup>

Området ligg i landskapsregion 24) Kystbygdene på Nordmøre og i Trøndelag (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

#### PLASSERING

Området omfattar landareal og sjøareal langs Hustadvika. Landskapet ligg yst på kysten mellom Nordmøre og Romsdal, eit ope havstykke med fleire øyer og holmar i skipsleia mellom Molde og Kristiansund.

#### SKILDRING

Hustadvika er eit av dei mest krevjande havstykka langs Norskekysten. Farvatnet er ureint, med små øyer, holmar, skjer og båar, og det er særleg vêrhardt, med sterke straumdrag.

Gjennom tidene har det vore eit utal forlis på denne strekninga. Eit av dei mest kjente skipsvraka er det

såkalla «Stopleivraket», som vart oppdaga av dykkarar i 1985. Vraket var av ei hollandsk seglskute, som hadde forlist tidleg på 1700-talet. Meir enn 300 gjenstandar er henta opp frå vraket, og nokre av desse er i dag stilte ut på museum. På grunn av dei mange skipsvraka som ligg her, vert havstykket langs Hustadvika rekna som ein eigen skipskyrkjegard.

For å lette navigasjonen og gi landkjenning vart det sett opp eit fyr på Kvitholmen allereie i 1842. På Bjørnsund, sør om leia, vart det bygd fyrstasjon i 1871. Seinare har det kome fleire fyrlykter, stakar og andre sjømerke langs denne leia.

Strandlandskapet langs Hustadvika er kupert, med vikar, tangar, berg og smale sund. Lenger inne er det eit meir ope, myrlendt strandflatelandskap, innramma av einskilde, markerte fjellformasjonar, som til dømes kystfjellet Stemhesten. Stemhesten har til alle tider vore eit landemerke for dei sjøfarande.



Skotten, Hustadvika. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.



**Naustmiljø Bud, Hustadvika kommune.** Foto: Oskar Puschmann.

Gardsskipnaden her er ei blanding av små og større bruk. Bygdene Farstad og Hustad har nokre av dei største gardane i Romsdal. I myrlendte furer mellom nakne berg attmed sjøen ligg dei minste gardane, fiskarbondbruca. Tunskipnaden her er gjerne orientert langs leia (SV-NØ). Maleremmen, som i dag er museum, står som døme på eit typisk fiskarbondbruk.

Store, djupe torvmyrer pregar Hustadvika. I eit elles skogfattig landskap, var difor skjering av torv, til brensel, utbreidd.

Sanking, tørking og brenning av tong var ei vanleg attåtnering. Tong-oska vart eksportert og nytta i glas-produksjon og til framstilling av jod.

På øyer og holmar finn vi restar etter rorbuanlegg og fiskevær. På Teistklubben låg både fiskevær og losstasjon. Losstasjonen er freda, og bygningane her gir innblikk i ei tid då desse sesongbaserte samfunna var talrike langs Romsdalskysten.

Hustadvika er blant områda i Møre og Romsdal med flest registrerte fornminne. Dette har nok samanheng med plasseringa langs den sentrale kystlina mellom sør og nord, enkel tilgang til rike fiskefelt og gunstige vilkår for jordbruk.

Her finst rike spor etter steinalderbuplassar, samt gravminne frå både bronsealder og jernalder. Mange av desse er såkalla kystrøyser, vendt mot leia, og lagt dominerande til på nes, berg eller strandflatar. Eit døme her er Hogsneset på Nerland, der ei stor grav-

røys ligg godt synleg ved innsiglinga til Hustadbukta. På Malefeten ligg eit rullesteinsgravfelt med om lag 30 gravrøyser frå perioden omkring 400–900 e. Kr. I Sandvikhagen finn vi det største gravfeltet i Romsdal, med om lag 150 små haugar.

På Hustad ligg Aslaksteinen, ein omkring 200 meter lang klippeformasjon, som på folkemunne går for å ha vore ei bygdeborg. Arkeologiske undersøkingar her har avdekt gjenstandar og kulturlag frå jernalderen.

Ein tidlegare kongsgard og adeleg setegard på Hustad er nemnd første gong i 1122/1123, då kong Øystein Magnusson, i følgje Snorre, døydde under eit opphald her. Det er ikkje synlege spor etter kongsgarden i dag, men det er påvist rike arkeologiske spor etter førhistorisk gardsbusetnad i området. Ein bauta til minne om kongen, er reist her.

Langs Hustadvika var fiskarbondetradisjonen levande fram til byrjinga av førre hundreåret. Utover på 1900-talet bidrog nydyrking og eit meir mekanisert jordbruk, kombinert med større og meir ressurskrevjande fiskefartøy, til auka grad av spesialisering. Nye generasjonar måtte velje om dei ville bli bønder eller fiskarar – om dei då ikkje hamna i heilt andre yrke.

Fiskeværet Bud er omtalt i skriftlege kjelder frå mellomalderen, men kan ha røter tilbake til vikingtid. På 1500- og 1600-talet var Bud den viktigaste handelsstaden langs heile kyststrekninga mellom Bergen og Trondheim. Dei som budde på fiskeværet Bud

eller på øyværet Bjørnsund var aldri ein del av fiskarbondetradisjonen. For dei fleste av desse var fisket einaste utcome.

Mellom Bud/Gule og Hustad ligg spor etter den såkalla «Kongevegen». Vegene, som kan følgjast i fleire kilometer, er truleg frå mellomalderen.

I mellomkrigstida vart det opna for nydyrking på eksisterande bruk og oppdyrking av nye bruk langs Hustadvika. Oppdyrkinga var ein del av Ny jordrørsla, der det første feltet i det som vart kalla Fræna-Farstad Ny jord, kom i 1919. Dette var ein statleg fremma bureisingspolitikk som skulle gjere folk meir sjølvstendige som eigarar, og styresmaktene ville ta landet i bruk til jordbruksstenlege føremål, og demme opp for emigrasjon.

Ergan kystfort på Bud vart bygd i 1941. Kystfortet var ein del av Atlanterhavsvollen, som den tyske krigsmakta sette opp under andre verdskrigen. Kommandosentralen til kystfortet var plassert inne i fjellet. Anlegget, som var operativt i perioden 1942-1945, låg strategisk til for skipstrafikken. Ergan kystfort er teke vare på, og er i dag eit krigshistorisk museum som tematisk sett omhandlar fleire sider av den nazistiske okkupasjonshistoria.

Atlanterhavsvegen, som opna i 1989, er ein del av den nasjonale turistvegen mellom Averøy og Bud. Atlanterhavsvegen går på bruene og fyllingar mellom holmar og skjær, med ei rekke utkikkspunkt mot storhavet. Veganlegget er i dag freda.

### LANDSKAPSKARAKTER

Kyststrekninga er av dei mest utsette og trafikkerte havområda i landet, med mange holmar og skjær. Naturen er prega av det barske klimaet. Fisket har til alle tider vore ein viktig næringsveg; noko bevarte fiskevær og fiskarbondbruk står som synlege døme på.

Dei store, flate strandflateområda med utstrekke myrer som grenser mot høge og bratte fjell er karakteristiske. Ved dei sentrale gardane Hustad og Farstad utgjer jordbrukslandskapet eit større samanhengande landskapsrom, medan det elles langs kysten er meir brote opp av naturlege bergformasjonar. Her ligg både innmark og hus i landskapsretninga, orientert etter furene i berget, leia, vinden og været.

Atlanterhavsvegen, som er freda, ligg ytst i havgapet og er ein mykje besøkt turistattraksjon.

### NASJONAL INTERESSE

Langs eit av dei mest krevjande havstykkene langs Norskekysten, finn vi eit tradisjonelt, og variert, busetnadsmønster: frå små, marginale fiskarbondedardsbruk, til storgardar, fiskevær og tettstadar.

Side om side med oppdyrka åkrar og moderne bustadhus, ligg talrike kulturminne: Frå førhistoriske gravminne, via kystfort frå andre verdskrigen, og fram til den nasjonale turistvegen, Atlanterhavsvegen, frå vår eigen tid. Kombinasjonen av eit tradisjonelt busetnadsmønster i eit vêrhardt kystmiljø, og ei omfattande mengd kulturminne med stor tidsdjupne, gjer farleia og kystlandskapet langs Hustadvika til eit område av nasjonal interesse.

### SÅRBARHEIT


Hustadvika og Atlanterhavsvegen vart utpeika som særleg verdifulle i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994.

Landskapet langs Hustadvika er sårbart for fleire ulike påverknader. Særskilt sårbart er det for større infrastrukturtiltak, som til dømes utbygging av vindkraft, kraftlinetrasear eller etablering av hyttefelt. Slike inngrep vil kunne forringe den visuelle opplevinga av eit ope kystlandskap. Særpreget i bygningsstrukturen er sårbart for endring og nyetableringar. Plassering og utforming av evt. nye bygnader bør ikkje svekke opplevinga av kystlandskapet og dei maritime kulturminna som inngår i dette.

Manglande skjøtsel av landskap og manglande tilsyn med fråflytta bygningar, bidreg til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Det bør stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald, for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter av eit fiskarbondelandskap. Det vêrharde kystklima vil kunne skunde fram denne prosessen.

Klimaendringane, med hyppigare stormar og meir nedbør, er eit trugsmål mot bygningar og andre kulturminne i dette kystområdet.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynssona og generelle føresegnar til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.





Utsikt over Romsdalsfjordbassenget. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

### 3. Romsdalsfjordbassenget. Rituellet og økonomisk knutepunkt.

#### Molde kommune

Areal: 148 km<sup>2</sup>

Området ligg i landskapsregion 22) Midtre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

#### PLASSERING

Romsdalsfjordbassenget omfattar øyene Hjertøya, Seterøya, Fårøya, Bolsøya, Sekken og Veøya, ei rekkje

holmar og skjer, samt Sølsnes og Nesjestranda på fastlandet. Øylandskapet ligg midt i Romsdalsfjorden, sør for Molde.

#### SKILDRING

Kring Romsdalsfjordbassenget finn vi eit karakteristisk strandflatelandskap. Området eignar seg vel for jordbruk, og gardstun og åkrar ligg på sørvendte, solrike og sjøldrenerte moreneavsetningar langs



fjorden. Jordbæra er blant dei vokstrane som trivst godt her. Sekken er den høgste øya i Romsdalsfjordbassenget med store område av øya dekt av skog. Veøya og Hjertøya har ikkje fastbuande.

Til skilnad frå dei fleste andre fjordløpa i Møre og Romsdal, er Romsdalsfjordbassenget ope i mange retningar. Fleire fjordarmar møtest her, noko som gir området ei strategisk plassering både i høve til kystleia i vest og til farleia vidare austover.

For å unngå den vêrharde Hustadvika, var det i tidlegare tider ikkje uvanleg at båtar på veg nordover sigla Langfjorden inn til Eidsvågen. Der vart dei tekne på land, og dregne vidare langs kavlvegen over Tiltereidet.

Rike gravminne som ligg i strandhellinga ned mot sjøen, peikar mot at Nesjestranda og Bolsøya kan ha vore del av eit større maktlandskap. På Bolsøya er Trollpila, ein av dei høgste bautasteinane i Noreg, eit viktig landemerke. På øya finst spor etter busetjing og aktivitet frå jernalder og mellomalder; med mellom anna gravminne, leidangsnaut, sølvfunn og mellomalderkyrkjestad. På Nesjestranda er det også gjort fleire rike gravfunn.

Både Sekken og Veøya er nemnde i sagalitteraturen. Under eit sjøslag ved Sekken i 1162, skal Håkon Herdebrei ha blitt drepent av Erling Skakke.

Datering av fossil åkermark kan tyde på jordbruk på Veøya allereie i yngre steinalder. På øya finst også fleire kulturminne frå førhistorisk tid, mellom anna gravminne frå bronsealder/jernalder.

Namnet «Veøy» tyder «den heilage øya», noko som kan indikere at her allereie i førkristen tid har vore ein kultstad. Funn av kristne graver frå 900-talet, som skal vere blant dei eldste som er påvist i landet, tyder på at øya då var eit religiøst senter. Her er også funne spor etter kyrkjer. Veøy gamle kyrkje, Peterskyrkja, vart sett opp i siste halvdel av 1100-talet.

I høgmedalderen hadde Veøya si blømingstid som kjøpstad og som administrativt sentrum for Romsdal; ein av berre 14 slike «kaupstadar» som fanst i landet. 300–400 innbyggjarar skal ha budd her på det meste, sjølv om talet er noko usikkert. Sentral plassering i fjordsystemet og gunstige hamnetilhøve bidrog til oppkomsten av kjøpstaden.

Under nedgangstidene etter Svartedauden tapte Veøya sin betydning som kjøpstad. Øya heldt likevel fram med å vere eit administrativt og religiøst sentrum for Romsdal også i hundreåra som følgde.

Fram til 1632 vart fylkestinget halde på Veøya. Etter den tid var det berre prestefamilien og dei som hadde arbeid ved kyrkja som var bufaste på øya. Peterskyrkja fungerte som hovudkyrkje i Veøy prestegjeld fram til



**Veøya kyrkjestad og prestegard.** Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

1907. Prestegarden og delar av øya var i privat eige frå 1905 og fram til 1990, då Romsdalsmuseet fekk eige-  
domen som testamentarisk gåve. Veøy kyrkje og  
prestegard er freda. Veøya inngår også som ein del av  
kystpilegrimsleia til Trondheim.

Moldeholmane er skogkledde med lynghei, strender  
og lune vikar. På den mest kjente av dei, Hjertøya, låg  
det ein husmannsplass under Moldegård. Plassen blei  
seinare nytta som skogvaktarbustad og oppsyns-  
bustad. Kring 1950 etablerte Romsdalsmuseet eit  
fiskerimuseum her. Fiskerimuseet er bygd opp som  
eit lite fiskevær, med tranbrenneri, rorbuer, mekanisk  
verkstad og bustadhus.

Ei særleg søge er knytt til steinhytta på Hjertøya,  
som den tyske modernistiske multikunstnaren Kurt  
Schwitters leigde i åra frå 1932 til 1939. Schwitters liv-  
nærte seg med å måle landskapsbilete og portrett,  
samstundes som han arbeidde med kollasjar,  
materialbilete og skulpturar.

#### LANDSKAPSKARAKTER

Øylandskapet ligg midt i Romsdalsfjorden, strategisk  
plassert i høve til både kystleia og fjordleia. Det er eit  
karakteristisk strandflatelandskap med bygningar og  
åkerjord orientert mot fjorden. Gravminna ligg i  
hovudsak også ned mot fjorden.

Veøya og Hjertøya har ikkje fastbuande, og dei  
andre øyane har relativt spreidd busetjing. Dette gjer  
at det historiske landskapet på desse øyane i stor  
grad framleis er intakt.

#### NASJONAL INTERESSE

Strategisk plassering, grøderike jordbruksareal og  
gode naturhamner har gjennom tidene gjort  
Romsdalsfjordbassenget til ein sentral møtestad  
mellom kyst og innland, og eit rituelt og økonomisk  
knutepunkt.

Med Veøya som tyngdepunkt, er Romsdalsfjord-  
bassenget eit område med stor tidsdjupne, der  
forteljingar med røter tilbake i førhistorisk tid,  
framleis er leselege i landskapet.

#### SÅRBARHEIT

Som det første området i landet vart nordsida av  
Veøya verna som landskapsvernområde i 1970.

Føremålet med vernet er å ta vare på det særprega  
naturmiljøet omkring Veøy gamle kyrkje. Det er Stats-  
forvaltaren som har forvaltningsansvaret her og det  
er vernereglane og forvaltnings- og skjøtelsesplanane  
for dei verna områda som gjeld.


Øyene i Romsdalsfjordbassenget har så langt vore  
forskåna frå større inngrep. Området er difor sårbart  
for etablering av hyttefelt, som på Nesje og Bolsøya,  
og bør konsentrerast om einskilde område. Land-  
skapet er også sårbart for større utbyggingar som  
t.d. veganlegg, kraftleidningar, vindkraftanlegg eller  
akvakultur, som vil kunne ha negativ innverknad for  
det sjeldsynte og i stor grad autentiske, historiske  
landskapet.

Dei ubudde Moldeholmane nordvest i området er  
lite påverka av inngrep. Moldeholmane er sårbare,  
og mindre tiltak kan gi stor negativ visuell verknad  
på særpreg.

Moldeholmane bør vere beskytta mot «tyngre  
utbyggingar» som t.d. flytebrygger for fortøying av  
fritidsbåtar. Øyar som ikkje er påverka av tidlegare  
inngrep bør vernast om i større grad enn øyar som  
allereie er rørt av inngrep.

Landskapet er også sårbart for at manglande  
skjøtsel av inn- og utmark og tilsyn med fråflytta  
bygningar kan bidra til at viktige kulturminne gradvis  
vert brotne ned og forsvinn. Det bør stimulerast til  
fortsett jordbruksdrift og husdyrhald, for å hindre  
attgroing og sikre at området beheld det karakteris-  
tisk strandflatelandskap. Det er også viktig å opprett-  
halde eksisterande bygningsstruktur langsetter  
strandflatene ved fjorden. Og det bør takast spesielle  
omsyn ved eventuell bygging av nye hytter, både når  
det gjeld plassering og utforming. Dette gjeld spesielt  
i område med mange fornminne langs strendene, og  
på dei urørte øyene.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som land-  
skapet er sårbart for, og sette rammer for arealbru-  
ken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av  
landskapet i kommuneplanens arealdel som omsyns-  
sone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retnings-  
liner til omsynssona og generelle føresegner til  
kommuneplanens arealdel kan legge føringar for  
korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forval-  
tast.



## 4. Litldalen

### Fangst- og kraftlandskap

#### Sunnal kommune

Areal: 43,0 km<sup>2</sup>

Området ligg i landskapsregionane: 15) Lågfjellet i Sør-Noreg og 23) Indre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

#### PLASSERING

Området ligg i fjellheimen sør for Sunndalsøra, mellom Sunndalen og Romsdalen, og grensar til Dovrefjell-Sunnalsfjella nasjonalpark.

#### SKILDRING

Litldalen er eit dalføre som strekker seg frå Tredalen i nord og om lag sju kilometer sørover. Litldalselva renn gjennom dalen og ut i Sunndalsfjorden. Morenejord dannar terrassar i dalbotnen, og jorda vert rekna som lett driven.

Den øvste delen av Litldalen er trong, omgitt av høge, bratte fjell. I den nedste, nordlege delen flatar terrenget ut, og her er det busetjing og gardsdrift. Litldalselva renn gjennom Litldalen og ut i Sunndals-



Landskap frå øvre Litldalen, kraftlandskap. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

fjorden. Frå dalbotnen går der veg opp til Aura-anlegga og vidare over fjellet og ned i Eikesdalen.

Fjellandskapet sør for Litldalen har til alle tider vore nytta til jakt og til fangst, ikkje minst av reinsdyr. Her ligg det ei rekke fangstminne, frå ulike tidsperiodar.

Gjennom dei siste hundre åra har det vore gjort omfattande inngrep i dette landskapet. Auravassdraget er bygd ut for å produsere vasskraft, og femner om Aursjøen, Torbuvatnet, Sandvatnet, Langvatnet, Osvatnet, Reinsvatnet, Hallarvatnet, Litlvatnet og Dalavatnet. Desse vatna er delvis demde opp.

I 1906 vart fallrettar knytt til Auravassdraget kjøpt opp av eit privat selskap. Føremålet var å utnytte vasskrafta til industrireiseing. Etter å ha fått konsesjon i 1913, konsentrerte selskapet seg om utbygging av Litldalselva.

Under første verdskrigen vart det gjort fleire investeringar i området. Mellom anna vart det lagt ei jernbaneline, Aurabanen, frå kaia på Sunndalsøra og fram til anleggsområdet. Aurabanen var 26 km lang, og inkluderte ein jernbaneheis frå Dalaråa og 750 meter opp i fjellet. Ved Dalavatnet vart det bygd ein provisorisk kraftstasjon, og store areal vart sprengde ut, mellom anna til fordelingsbasseng og røyrgate.

Gjennom det meste av mellomkrigstida vart arbeidet ved Aura-anlegget liggjande nede.

I byrjinga av andre verdskrigen tok eit tysk selskap over anlegget. Selskapet hadde planar om å utvikle aluminiumsindustri i Noreg. Fram til 1942, då utbygginga stoppa opp, sette denne verksemda tydelege spor etter seg: Her vart bygd vegar, sett opp brakker, montert taubane og støypt ferdig tomt til kraftstasjonen, Dalen 3.

Etter krigen vart industrireiseing eit politisk satsingsområde. Samstundes var det stor mangel på elektrisk kraft, ikkje minst i Midt-Noreg. Hausten 1946 løyvde Stortinget difor midlar til vidare utbygging av Auravassdraget. Og allereie same vinteren var 500 mann på plass på anlegget. Arbeidarane bygde brakker, monterte straumlinjer og forlenga jernbanen. Bygging av damanlegga ved Osbu og Holbu vart også sett i gang. Aura-utbygginga var blant dei aller største kraftutbyggingane i landet. I 1953 stod Aura kraftverk klar til produksjon.

Kraftverket består av to stasjonar, Aura, som ligg nedst nede i dalen, og Osbu. Osbu-stasjonen ligg ved Holbuvatnet, og kom i drift i 1958. Aursjøen er hovudmagasin for begge stasjonane.

Ein sommaropen køyreveg, Aursjøvegen, går gjennom Litldalen, over fjellet og ned til Eikesdalen. Vegen vart bygd i fleire etappar. Den første



**Hammertippen, Aurabanen.** Aurabanen strekker seg frå Sunndalsøra til Dalavatnet. Foto: Jan Ove Løken.

strekninga, fram til Aursjøen, kom på 1950-talet, i samband med kraftutbygginga i området. Forlenginga fram til Eikesdalen kom i 1962. Forlenginga vart gjort i samband med det såkalla «takrenneprosjektet»; der vegutbygginga delvis var ein kompensasjon for at vatnet frå Aura-vassdraget vart overført til Sunndalsøra, og ikkje til Eikesdalen.

I samband med opprusting av Aura kraftverk i 2006, vart Reinsvatnet delvis tappa ned. Langs breidda av vatnet vart det sett i gang arkeologiske undersøkingar som avdekte pilspissar, knivar, skraparar og mengdevis med avslag. Kolprøvar syner ei datering frå mellom 8900 og 8430 f. Kr. Lokaliteten ved Reinsvatnet er dermed den eldste fangstlokaliteten i Midt-Noreg, og blant dei eldste i landet.

I 2009 vart det gjort nye utgravingar kring Reinsvatnet. I alt om lag 3 000 avslag, restar etter reiskapar og anna flintmateriale, vart funne. Samanlikna med funnmengd og reiskapskategoriar frå buplassar ved

kysten, er dette materialet av avgrensa karakter. Det tyder på at menneska har hatt tilhald her berre i kortare periodar, og at dei først og fremst var jegerar. Det ser også ut til at dei skifta buplass frå sesong til sesong, kan hende frå år til år.

#### LANDSKAPSKARAKTER

Kraftlandskapet i Litldalen er variert, frå eit trongt dalføre omgitt av bratte fjellsider, til eit høgfjells-terreng gjennomskore av vassdrag, innsjøar, elvar og stryk. Landskapet ber tydeleg preg av meir enn hundre år med kraftutbygging, med demningar, anleggsvegar, rørgater, tunnelar og jernbaneline. I dette landskapet er det også avdekt fangst-lokalitetar som kan daterast heilt tilbake til steinalderen.

#### NASJONAL INTERESSE

Utbygginga i Litldalen er blant dei mest omfattande som har vore i landet, med ei tidslinje som strekk seg gjennom mest heile det førre hundreåret. Landskapet står difor som eit tydeleg og sjeldan døme på kor vesentleg tilgang til vasskraft har vore for framveksten av det moderne Noreg.

Kraftlandskapet i Litldalen syner ein sjeldan kombinasjon av restar etter vasskraftutbygging i moderne tid, og nokre av dei aller tidlegaste spora etter menneskeleg verksemd som vi finn i norske høgfjell.

#### SÅRBARHEIT

Delområdet omfattar Torbudalen biotopvernområde. Desse areala er verna for å ta vare på viktige reinstrekk og binde saman beite- og kalvingsområda for Snøhettareinen. Forvaltningsmynde er Dovrefjell nasjonalparkstyre.


Kraftlandskapet i Litldalen er ein kombinasjon av eldre og nyare installasjonar. Mange av installasjonane inngår i anlegg som framleis vert drifta og haldne ved like. Spor etter anleggsverksemda frå tidlegare tider står difor i konstant fare for å bli viska ut og forsvinne. Bygningar, veganlegg, rørgater, demningar og andre innretningar som er med på å synleggjere historia til dette kraftlandskapet, er sårbare for endring og det bør difor takast særleg omsyn til ved nybygging eller ved andre inngripande endringar.

Oppdemmingar og andre naturinngrep trugar også dei mange spora etter den førhistoriske fangstkulturen som finst i dette fjellandskapet.

Landskapet i Litldalen er sårbart for at manglande skjøtsel kan bidra til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Det bør stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald, for å hindre attgroing. Det bør takast særskild omsyn til verdiane i landskapet ved eventuell bygging av nye hytter, både når det gjeld plassering og utforming. Dette gjeld særskilt i høgfjellslandskapet, og i område der fangstminna inngår.

Klimaendringar er også eit trugsmål som det bør takast høgde for, slik at kulturmiljøa vert sikra best mogleg,

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynsone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynsone og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.





Øvre Sunndalen, Jenstadgardane. Foto: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

## 5. Øvre Sunndal

### Fjellgardar og seterlandskap

#### Sunndal kommune

Areal: 99,1 km<sup>2</sup>

Området ligg i landskapsregionane 27) Dal- og fjellbygdene i Trøndelag og 15) Lågfjellet i Sør-Noreg (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

#### PLASSERING

Øvre Sunndal ligg aust i Sunndal kommune, og grensar mot Trøndelag og Innlandet.

#### SKILDRING

Øvre Sunndal er eit landskap med høge fjell og bratte lier. Her er vide vidder og djupe juv, grusterrassar og breie dalar. Fire fossar stuper ned i Jenstadjuvet og renn saman i Åmotan.

Kring Hælfjellet møtest fleire elvedalar. I dei artsrike dalføra ligg gardsbruk, beiteområde og setergrender. Nokre av gardsbruka er blant dei høgstliggande i fylket.

Dei første spor etter menneske i Øvre Sunndal finst ved Litlvatnet i Storgrøvdalsbotnen. Her, om lag 1 100 moh, er det funne restar etter ein buplass frå steinalderen. Buplassen har truleg vore i bruk i sommarhalvåret, i samband med jakt og fangst på reinsdyr.

Vest for Hælfjellet, mellom Hafsås og Røymoen, ligg eit anlegg med om lag 20 jordgravne fangstgroper. Anlegget er blant dei største i fylket og sperrar av heile dalføret. Det er også funne fangstanlegg mellom Storvatnet og Fiskbuvatnet i Grødalen og i fjellområda omkring, både i form av bogesteller og dyregraver. Fangstanlegga er vanskelege å datere, men kan ha vore i bruk så tidleg som i steinalderen. Anlegga kan også ha vore nytta i fleire fasar. I fjellområda er det gjort funn av piler og andre gjenstandar både frå bronsealder, jernalder og mellomalder.

Det er likevel lite truleg at det finst nokon samanheng mellom dei førhistoriske fangstanlegga og den



eldste gardsdrifta her. Nyare undersøkingar tyder på at bruka ikkje vart rydda før etter reformasjonen. Dermed kan vi rekne med at fangstfolka truleg ikkje har hatt permanent tilhald her.

Frå nyare tid veit vi at det var samisk reindrift i fjellstroka kring Sunndalen. Ut frå funn av samiske tufter i nærliggjande område, kan det ha vore samisk nærvær også i Øvre Sunndal.

Kulturhistorisk sett er dette eit ungt jordbrukslandskap, i hovudsak rydda etter reformasjonen. Gardstuna, som ligg i eit brattlendt terreng mellom høge fjelltoppar og djupe elvedalar, dannar den høgastliggjande jordbruksbygda i Møre og Romsdal. Fleire gardar, som til dømes Svøu/Svisdal og Jenstad, har hatt samanhengande drift sidan 15/1600-talet. Kan hende også lenger tilbake, utan at vi har sikre kjelder for det. På desse gardane ligg gamle tømmerhus med austlandsk eller trøndersk preg, som viktige kulturminne.

Også i Grødalen har det vore jordbruk, seterdrift og slåttemark gjennom fleire hundre år. To kjende, faste busetnadar er Gjerdavangen og Tøftvangen. Lengst sør i Grødalen hadde og bønder frå Sunndalen sine egne teigar, der dei slo gras. I Grødalen finst det ei rekke spor etter seterbruk. På Vangan, som i dag er eit populært hytteområde, var det fleire gardar som hadde seter. Den siste var i drift til ut på 1970-talet.

Den einaste setra i Øvre Sunndal som framleis vert driven, er Gammalsetra i Grøvdalen. Her er det mjølkekyr kvar sommar, og her vert smør kinna og ost ysta på tradisjonelt vis.

I Grøvdalen kan det ha vore fastbuande allereie på 1600-talet. Ved inngangen til 1800-talet auka busetjinga monaleg. Auken hadde samanheng med gruvedrifta som starta opp på denne tida. På austsida av elva, innafor Kåsen, vart det sett i gong utvinning av kopar. Fleire sjakter vart bora inn i fjellet, og koparen henta ut med handemakt.

Eit stykke innafor Røymobekken finst spor etter denne drifta, som berre varte nokre få år. Her ligg restar av steinmurane etter den såkalla «gruvstøgu». Gruvstøgu skal ha vore ei etter måten stor steinbygning, der folk som arbeidde i gruva, budde. Nokre hustufter lenger inne i dalen, stammar også frå tida med gruvedrift. I dette området finst der dessutan spor etter kleberbrot og tjøremiler.

I fjellet mellom Geitådalen og Grøvdalen vart Glupen Grube sett i drift tidleg på 1820-talet. Glupen Grube dreiv fram kromitt, det viktigaste mineralet for å utvinne krom, frå fleire ulike brot. Vi finn spor etter denne drifta både i Glupen, Koppungen, Skarhøa og ved Raubergselva.

I toppåret 1845 var heile 50 mann i arbeid ved dei ulike gruveanlegga. I tillegg gav malmkøyring, matlevering og andre tenester kjærkomne inntekter til bøndene i området. Arbeidet med å få frakta kro-

mitt-malmen fram til utskipping nede ved fjorden, var samstundes svært krevjande, og gjorde at drifta lønte seg dårleg. Glupen Grube vart difor nedlagt kring 1850.

På slutten av 1800-talet blomstra Sunndalen som turistattraksjon. Engelskmenn kom til dalen og bygde egne sommarhus. Den første var jakthytta «Alfheim», som vart sett opp i 1876. Alfheim vart bygd i ein skotsk høglandsstil. Britane kom seinare til å prege fleire bygningar i området, mellom anna vart sportsvillaen Vangshaugen i Grødalen og Villa Nyheim sett opp.

### LANDSKAPSKARAKTER

Øvre Sunndal er eit variert landskap med stupbratte lier, elvegjel, djupe juv, breie dalar, og fjelltoppar opp mot 2 000 meter over havet. Dei artsrike seterdalane har beitemarker heilt opp mot snauffjellet. Gardsbruka i Øvre Sunndal ligg høgt og brattlendt, med steingardar og åkerreiner. Tunskipnadar, seterbruk og beitemark skapar eit heilskapleg bilete av eit jordbrukslandskap med stor tidsdjupne. I fjelldalane finst tydelege spor etter menneskelege aktivitetar gjennom fleire tidsperiodar, som dyregraver, kleberbrot, tjøremiler og gruvesjakter.

### NASJONAL INTERESSE

Jordbrukslandskapet i Øvre Sunndal syner levande gardsdrift høgt til fjells, i eit kulturlandskap med lange tradisjonar. Tunskipnadar med gamle tømmerhus, saman med seterbruk og høgfjellsbeite, syner ei brei og kontinuerleg ressursutnytting gjennom mange hundre år.

### SÅRBARHEIT

Grøvuassdraget vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994.

Øvre Sunndal er ein innfallsport til Dovre og Sunndal nasjonalpark, og delar av området vart verna som Åmotan-Grøvdalen landskapsvernområde i 2002. Det er statsforvaltaren som har forvaltningsansvaret her og det er vernereglane og forvaltnings- og skjøtelsesplanane for de verna områda som gjelder.

Øvre Sunndal er med i den landsomfattande satsinga *Utvalde kulturlandskap i jordbruket* (UKL), ei satsing som er basert på spleiselag mellom landbruks-, natur- og kulturmiljøforvaltninga i Noreg. Satsinga er eit samarbeid med eigarar og brukarar. Det er utarbeidd eigen forvaltningsplan for området, og det vert tildelt årlege midlar til investerings- og skjøtseiltak som mellom anna skal ta vare på kulturarven.

Øvre Sunndal har fleire slåttemarkar som er kritisk trua (CR) naturtype og utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Slåttemarkar har ofte eit større innslag



Øvre Sunndalen, utsikt over fjellgardane i Svidalen. Foto: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.


av urter enn beitemark. Tradisjonell skjøtsel er avgjerande for å halde naturtypen i hevd og for å ta vare på kulturmarksfloraen. Forvaltningsmynde for Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark og Åmotan-Grøvdalen landskapsvernområde er Dovrefjell nasjonalparkstyre.

Jordbrukslandskapet i Øvre Sunndal er sårbart for at manglande skjøtsel kan bidra til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Det bør stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald med beitedyr for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter som jordbruksbygd. Slåttemarker som naturtype bør haldast i hevd med tradisjonell skjøtsel, for å ta vare på kulturmarksfloraen.

Større infrastrukturtiltak, som til dømes utbygging av vindkraft eller kraftlinetrasear vil vere eit trugsmål i dette landskapet. Nye byggetiltak som til dømes etablering av hyttefelt har ført til aukande ferdsel og

større aktivitet i Øvre Sunndal. Det er viktig at vidare utbygging vert konsentrert til regulerte område i Grøvdalen, slik at det tradisjonelle busetnads- mønsteret med gardstun og seterbruk også vert teke vare på. Fleire av dei gamle bygningane som ligg her treng omfattande vøling.

Ved vidare utbyggingsprosjekt og ved etablering av turløyper, bør det takast omsyn både til det sårbare høgfjellsterrenget og til dei mange kulturminna i dette området. For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



# 6. Romsdalen

## Samferdsle- og jordbrukslandskap

### Rauma kommune

Areal: 167,7 km<sup>2</sup>

Området ligg i landskapsregion: 23) Indre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

### PLASSERING

Romsdalen er eit dalføre som strekker seg frå Romsdalsfjorden over fylkesgrensa til Innlandet fylke, og vidare til Lesjaskogsvatnet i Lesja kommune.

### SKILDRING

Romsdalen startar ved tettstadane Veblungsnes og Åndalsnes, der elva Rauma renn ut i Romsdalsfjorden.

Frå fjorden er dalføret relativt ope og slakt. Vidare austover vert det trongare, med høge, stupbratte fjellveggar på kvar side, og der Raumaelva dominerer dalbotnen. Framover dalen mot Verma vert dalføret brattare og meir ulendt, medan fjellrekkene flatar ut.

Klimaet i Romsdalen er godt eigna for jordbruk. Her er nok av både nedbør og varme for å få fram rike avlingar. Dei nedste delane av dalen er blant dei beste kornområda i heile fylket. Samstundes syner pollenanalysar at her alt frå bronsealderen av har vore god variasjon mellom åkerbruk og husdyrhald.

Jordbruksbusetnaden i Romsdalen går tilbake til slutten av yngre steinalder, og frå om lag same periode



Gardsbebyggelse, Rømmem, Romsdalen. Foto: Arve Kjersheim, Riksantikvaren.

finst spor etter opphald i mange av hellerane langs Raumaelva. Her er mellom anna funne fiskekrokar av bein.

Arkeologiske undersøkingar viser at busetnaden langssetter dalen var ganske omfattande i bronsealderen, og at dalbotnen ofte har vore råka av ras og flaum. Dei øvste gardane vart truleg ikkje rydda før i jernalderen.

Byggeskikken i Romsdalen syner påverknad frå både aust og vest. På gardshusa øvst i dalen er påverknaden austfrå tydeleg. Dei lafta, tjøresmurde tømmerveggane liknar på dei vi finn i Gudbrandsdalen. Også når det gjeld takkonstruksjon og takvinkel, er likskapen tydeleg.

Nedover i dalen endrar dette seg. Eit fuktigare klima pregar også byggeskikken her, med til dømes bruk av kledning på tømmerveggane.

I dag ligg gardstuna spreidde, og kvar for seg. Tidlegare var tunskipnaden annleis, med klyngetun og rekketun. Rekketunet var vanleg i dei indre delane av Romsdal. Som namnet seier låg bygningane her i rekker, innhusa for seg og uthusa for seg, og ofte med bygdevegen imellom. Gardstunet på Ner-Hole er døme på eit slikt rekketun.

Romsdalen har til alle tider vore nytta som ferdsleveg mellom fjord og innland. Dalføret var saltveg for bøndene i Gudbrandsdalen, ferdsleveg til kaupangen på Veøy og, etter kvart, til marknadsplassane i dalen.

Men sjølv om mykje av dalføret er rimeleg flatlendt, har det likevel ikkje alltid vore enkelt å ta seg fram her. For å unngå breie elveløp, strie stryk og djupe kulpar, gjekk vegen ofte heilt inne langs foten av fjellveggane. Ferdafolk vart difor gåande i stendig fare for skred og steinsprang.

Frå slutten av romartida og framover finst rike gravfunn, særleg i dei nedre delane av Romsdalen, og vi finn ein svært høg konsentrasjon av slike funn frå vikingtida.

Romsdalsmarknaden på Devoll er kjent frå 1500-talet, men bytehandelen her går nok mykje lenger attende i tid. Romsdalsmarknaden var i fleire hundre år ein sentral møtestad for dalefolk, fjordfolk og øyfolk. I 1820 vart marknaden flytta til Veblungsnes, nede ved fjorden. I tillegg til å vere marknadsplass, vart Veblungsnes utover på 1800-talet og eit viktig knutepunkt for trafikken mellom aust og vest.

I Romsdalen finst spor etter minst fire generasjonar med veganlegg, frå mellomalderen og fram til i dag. I 1869 vart det bygd ny køyreveg frå Lesja og fram til fjorden. Vegutbygginga fekk fleire følgjer for Romsdalen. I tillegg til auka trafikkmengd, gjorde ho også sitt til at den gryande turistnæringa for alvor fekk auga opp for dette storfelte området. Det ble bygd fleire skystasjonar fram til 1900-talet. Fornemme bygningar står framleis att etter denne perioden, til døme Horgheim og Flatmark.



**Kylling bru, Raumabanen.** Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

Gjennom siste halvdel av 1800-talet vart det difor ein kraftig vekst i talet på utanlandske turistar som vitja Romsdalen. I tillegg til naturopplevinga, var det først og fremst det rike laksefisket i Raumaelva som lokka. Fleire losjhus vart bygde, og her vart tilreisande gjerne buande både dagar og veker i strekk.

Den 24. november 1924 vart ein merkedag for Romsdalen, og for heile Møre og Romsdal. Etter 20 år med anleggsdrift, vart Raumaabanen, jernbanestrekninga mellom Åndalsnes og Dombås, opna. Som endestasjon for Raumaabanen vart det Åndalsnes, og ikkje lenger Veblungsnes, som utvikla seg til å bli det viktigaste knutepunktet for handel og samferdsel i dette området.

Eit landemerke langs Raumaabanen er Kylling bru som kryssar dalbotnen og elva med ei høgd på 59 meter, og er bygd i ei bue. Saman med Kylling tunnel og Stavam tunnel dannar brua eit vendesystem, ein dobbelslyng, som vart konstruert for at lokomotiva skulle klare den store høgdeforskjellen mellom dalbotnen og Stuguflåten.

I 1936, vart det bygd køyreveg gjennom eit spektakulært fjellområde over Trollstigen, mellom Romsdalen og Valldalen på Sunnmøre. Hovudvegtraseen, som går gjennom Romsdalen i dag, vart påbegynt samstundes med bygginga av jernbanen. Og medan tidlegare vegløyf følgde terrenget, vart denne, i fleire parti, lagt langs jernbanelina. Vegen vart slutført i 1972. Seinare har ein skilde strekningar av vegen vore lagt om og utbetra.

Romsdalen si strategiske betydning som ferdsleveg mellom aust og vest, har ikkje minst vore tydeleg i tider med krig og ufred. Det vidgjetne Skottetoget i 1612 gjekk gjennom Romsdalen. Og i april dagane i 1940 vart britiske soldatar sett i land på Åndalsnes for

å kjempe mot dei tyske styrkane som då rykte nordover gjennom Gudbrandsdalen. Gullbeholdninga til Noregs Bank vart frakta med tog på Raumabanen til Åndalsnes. Kongen og regjeringa flykta og gjennom Romsdalen før dei drog vidare nordover.

Denne strategiske betydninga vart ytterlegare understreka ved at dei tyske okkupantane sette opp skytestillingar fleire stadar i dalen.

### LANDSKAPSKARAKTER

Nedste delen av Romsdalen er prega av vide flater i eit skrånande terreng. Elveavsettingar har her skapt store, grøderike sletter med sandrik jord. Lenger inne vert det trongare, med stupbratte fjellsider på begge sider. Den rimeleg flatlendte dalbotnen er einskilde stadar dekt av massive steinblokker. Nærare Verma og fylkesgrensa vert det brattare og meir ulendt, medan fjellrekkene flatar ut. Raumaelva, med sine sideelvar, fossefall, stryk og kulpar, er med på å prege landskapsform, jordsmonn og vegetasjon langs heile dalen.

Jordbrukslandskapet syner tilsvarande tilpassing til skiftande driftsformer: frå rike korngardar i dei nedre delane, til meir marginale fjellgardar; gjerne plassert nært sidedalar med enkel tilgang til vide beiteområde. Jernbane- og vegutbygging med høgreste bru-konstruksjonar og spektakulære fjellskjeringar, har gjennom åra sette sine tydelege avtrykk på dette storfelte landskapet.

### NASJONAL INTERESSE

Romsdalen har i all tid vore eit strategisk og kommunikasjonsmessig knutepunkt mellom aust og vest, og den viktigaste ferdslåra mellom Møre og Romsdal og Austlandet. I mange hundre år var Romsdalsmarknaden eit viktig møtepunkt mellom aust og vest. Fleire generasjonar med veganlegg og framføring av jernbane gjennom krevjande fjell-landskap, gir eit sjeldan innsyn i korleis samferdsla har utvikla seg gjennom tidene.

Dei siste hundre åra har merksemda omkring Romsdalen sine spektakulære naturopplevingar vore stor. Natur- og kulturmiljøa har vore, og er framleis, eit populært reisemål.

Romsdalen syner brei variasjon i jordbruksformer, tilpassa dei ulike landskapsnivåa mellom fjord og fjell. Kulturlandskap og byggeskikk ber med seg påverknadar frå både aust og vest.

### SÅRBARHEIT

Romsdalen vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994.

Setnesmoen leir ligger innenfor avgrensinga, og inngår i landsverneplanen for Forsvaret.

Mellom Foss bru og Remmem er dalbotnen verna som ein del av Romsdalen landskapsvernområde. Området omfattar og Vermedalen og Brøstdalen. Fjellområda på vestsida, inkludert Trolltindane, ligg for ein stor del innanfor Reinheimen nasjonalpark. Forvaltningsmynde for Romsdalen landskapsvernområde og Reinheimen nasjonalpark er Reinheimen nasjonalparkstyre. Rauma kommune er forvaltningsmynde for Mjølvabotnen naturreservat. Høgfjellet kring Isterdalen og Trollstigen ligg dels innanfor nasjonalparken, og dels innanfor Trollstigen landskapsvernområde. Det er statsforvaltaren som har forvaltningsansvaret her og det er vernereglane og forvaltnings- og skjøtselsplanane for dei verna områda som gjeld. Delområdet overlappar også delvis med Dalsida landskapsvernområde nordaust for Romsdalen, her er det Dovrefjell nasjonalparkstyre som er forvaltningsmynde.


Omfattande inngrep, som til dømes store masseuttak og bygging av vegtraséar, er eit trugsmål mot det særmerkte landskapet i Romsdalen. Turisme i stort omfang kan også føre til auka press på natur og kulturminne på sikt.

Fleire av dei mest marginale fjellgardane i dette området, er i dag fråflytta. På desse stadane er attgroing av beitemark, og bygningar og tun som forfell, eit aukande problem. Det bør stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald med beitedyr for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter som jordbrukslandskap. Landskapselement som steingardar, åkerreiner og rydningsrøyser på innmarka bør ivaretakast.

I dei nedre delane av Romsdalen fører bustadutbygging og etablering av industriområde til at stadig større areal med dyrkamark forsvinn. Saman med ei generell sentralisering innanfor jordbruket bidreg dette også til behov for nydyrking i desse områda.

Landskapet er sårbart for dominerande terrenginngrep som til dømes vegbygging, masseuttak som kan reduserer samanhengen og oppleving av vassdrag og dalføre. Nye byggetiltak bør ikkje svekke oppleving av landskapet og kulturminne som er knytt til vassdrag og dalføre. Nye tiltak bør tilpassast landskap, terreng og tradisjonell busetnad. Særskild gjeld dette i samband med hyttebygging.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynsone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynsone og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



## 7. Eikesdalen

### Varmekjært jordbrukslandskap i rasutsett dalføre

Molde kommune.

Areal: 64 km<sup>2</sup>

Området ligg i landskapsregion: 23) Indre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

#### PLASSERING

Eikesdalen strekkjer seg sørover langs Eikesdalsvatnet, før han tek ei austleg retning mot Dovrefjell. På sør-vestsida av vatnet ligg Mardalen med den kjende Mardalsfossen.

#### SKILDRING

Eikesdalen og Eikesdalsvatnet er omkransa av bratte fjellsider, med høgder opp mot 1800 moh. Gjennom dalføret har elva Aura sitt naturlege løp frå Aursjøen

til Eikesdalsvatnet. Eikesdalen er blant dei mest nedbørsfattige områda på Vestlandet. Klimaet er veileigna for åkerbruk, då det er sjeldan at kornet fryser her.

Dyrkingsjorda, som inneheld grus og sand frå elvefar og fjellskred, kan verte noko tørr. Eit effektivt vatningssystem syter likevel for jamt over gode avlingar. Frå øvst og aust i dalen ligg gardane på ulike flater i terrenget.

Plassering av hus og tun er eit framstående trekk i landskapet. Stovehusa er sett opp på rekke heilt inn til veggen. Bakom desse er fjøsbygningane sett opp like eins, berre med eit gardsrom imellom.

Denne tunskipnaden er truleg svært gamal, kan hende heilt tilbake til yngre steinalder. Ei steinøks, som er om lag 5000 år gamal, er funne inne på tunet.



Finsetlia med utsyn over Eikesdalen. Foto: Bjørn Magne Øverås.





**Gardsbusetnad Eikesdalen.** Foto: Bjørn Magne Øverås.

På sørsida av Eikesdalsvegen, ved Utigard, er det påvist fem kokegroper og eit dyrkingslag. Det eldste dyrkingslaget er frå slutten av yngre steinalder, og dateringar av kokegropene tyder på kontinuitet fram til jernalderen. At plasseringa av hus og tun vart slik, har truleg fleire grunnar: Fonnfaren gjorde at bygningane måtte setjast opp så langt frå fjellsidene som råd var. Her, framme på bakkekanten, ligg og den magraste og minst verdfulle jorda. Vidare var det praktisk å legge husa her, med fjøs som grensar til utmarka. Når buskapen skulle ut eller inn, vart han jaga gjennom eit trø som var felles for fleire bruk.

I 1860- og 70-åra vart det gjennomført utskifting av innmarka. Den samanhengande åkerjorda, som så langt hadde sett ut som eit einaste stort lappetepe, vart delt inn på ny. Men til skilnad frå det som elles var vanleg ved utskifting, vart ikkje gardshusa flytta på. I Eikesdalen heldt dei dermed på det gamle felles-tunet.

Langs aust- og vestsida av Eikesdalsvatnet, og også oppover heile Eikesdalen, heilt til framom Finnset, dvs frå Øverås til Finnset, veks eit langt, samanhengande belte av hassel, som er rike på nøtter. I gode år kunne eikesdalingane hauste opp til fleire tonn med «Eikesdalsnetter». Hasselved var velegna til mykje. Mellom anna til brenne, og stammar og greiner kunne bli bandstakar til tønneband. Tønnebanda la grunnlag for ein omfattande produksjon av tønner. Hassel vart også hogd og som levert brøytestikker til langt inn på 1970-talet.

Alm var eit anna treslag som eikesdalingane gjorde seg bruk av. Borken vart før til krøter og tidvis også til menneske, som ingrediens i borke-brødet. Oska etter brent alm, «pott-oske», var ei god handelsvare, då ho vart nytta i framstillinga av glas.

Eikesdalsvatnet er rikt på fisk; både laks, aure, røye og ål. Frå dalen er det heller ikkje lange vegen til fjells, og til gode jaktterreng, mellom anna føregjekk det villreinjakt, som var ein viktig del av grunnlaget for busetnad og viktig for matauk. Så jakt og fiske har til alle tider vore viktige næringar for folket her.

I Mardalen, sørvest for Eikesdalsvatnet, var der ikkje fast busetjing frå gammalt av. To bruk i Austigard og to i Utigard hadde slåtte- og beiterett her, med seterhus og sommarfjøs. Her budde dei med dyra sine til foret var brukt opp om hausten før dei flytta heim att. Dette pågjekk til utpå 1950-talet. Det vart elles praktisert rotasjonsbeitinga som har sett tydelege spor i kulturlandskapet. I Mardalen låg også eit større felt med gamal furuskog. Skogen var delt inn i teigar fordelt på gardane i Eikesdalen. Furuskogen vart rasert under storstormen 30. desember 1988.

Plasseringa lengst aust i Romsdal med enkel tilgang til fjellheimen, har gjort at eikesdalingar gjennom tidene har hatt nær kontakt austover, ikkje minst mot Lesja. Midt på 1700-talet kom ein periode med uår i denne fjellgrenda, då kornet fraus på åkrane. Fleire valde då å bryte opp frå gard og grunn, dra over fjellet, og slå seg ned i Eikesdalen.

Eikesdalen var lenge utan vegsamband med omverda. I 1962 vart det lagt veg opp Finnsetlia til Aursjøen, og vidare til Sunndalsøra. Vegen er open i sommarhalvåret. Som kompensasjon etter Aurautbygginga vart fylkesvegen frå Eresfjord til Øverås i 1991 forlenga langs austsida av vatnet og inn til Eikesdalen.

Den kjente Mardøla-aksjonen fann stad i Eikesdalsfjella sommaren 1970. Aksjonen var ein protest mot vasskraftutbygginga i området, og ikkje minst mot å føre vekk enno meir vatn frå Eikesdalen. Dette ville også føre til at den mektige Mardalsfossen vart tørrlagt. Det var første gong at sivil ulydnad vart teken i bruk i ei naturvernsak, utan vald. Aksjonen vekte oppsikt i inn- og utland, og førte til ein omfattande debatt om vasskraftutbygging og energipolitikk.

Eikesdal har vore gjennom tre store utbyggingar av vasskraft. Aura- og Takrenneutbygginga på 1950- og 1960 talet, og Mardølautbygginga på 1970-talet. Før utbyggingane med overføring av vatnet var området prega av høg luftfuktigheit og dette saman med varmt innlandsklima gjorde dalen ekstra grøderik. I dag er ein avhengig av intensiv vatning for å kompensere for tørke. Vassreguleringa har hatt stor påverknad på jordbruket og villaksen i Eikesdalen. Det er blitt forhandla fram ein avtale om Mardalsfossen skal ha vassføring to månadar om sommaren, men dette er ikkje full vassføring som før utbygginga.

### LANDSKAPSKARAKTER

Jordbrukslandskapet omkransa av høge fjell, med dyrkamark liggjande på store elveavsette flater i terrenget og med fellestun, er eit særkjenne for Eikesdalen. Mildt og tørt klima og grøderik jord har vore avgjerande for den lange, samanhengande gardsdrifta her. Klimaet har også vore gunstig for den varmekjære lauvskogen langs Eikesdalsvatnet og i Eikesdalen, og for furuskogen i Mardalen. Lenger oppe er dalføret trongare og elva Aura renn i fossar og stryk mellom kampesteinar og rasmassar.

### NASJONAL INTERESSE

Sjølvs om skogsdrift, jakt og fiske har vore med på å gi Eikesdalen eit variert næringsgrunnlag, er det jordbruket som heile tida har vore bærebjelken. Jordbruket har sett sitt preg på landskapet i dette dalføret langt tilbake, kan hende heilt tilbake til yngre steinalder. Jordbrukslandskapet i Eikesdalen er eit sjeldan døme på eit levande gards- og bygdesamfunn, der den gamle tunskipnaden framleis er intakt.

### SÅRBARHEIT

Eikesdal-Øverås vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. Denne registreringa hadde som mål å vere ei oversikt over særskild verdifulle kultur-

landskap der det mellom anna vart vektlagt viktige biologiske, økologiske og kulturhistoriske kriterium.

Eikesdal er også vald ut i den landsomfattande satsingar *Utvalde kulturlandskap i jordbruket* (UKL). UKL er ei tilskotsordning basert på spleiselag mellom landbruks-, natur- og kulturmiljøforvaltninga i Noreg. Satsinga er eit samarbeid med eigarar og brukarar. Det er utarbeidd eigen forvaltingsplan for området for å sikre verdiane knytt til biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, og for å sikre langsiktig skjøtsel og drift. Det vil verte tildelt årlege midlar til investerings- og skjøtseltiltak som mellom anna skal ta vare på kulturarven.

Delområdet overlappar med Sandgrovbott- Mardalsbotn biotopvernområde og Mardalen naturreservat, der Dovrefjell nasjonalparkstyre er mynde.


Framleis finst synlege spor i landskapet etter det næringsgrunnlaget som tradisjonelt har vore viktig for busetnad og levekår i Eikesdalen, som til dømes tunskipnad og dyrkamark. Spreidd busetnad, særleg i form av hytter, kan vere med på å viske ut slike spor og samanhengar; noko som bør leggjast vekt på i vidare planar for forvaltning.

Jordbrukslandskapet i Eikesdalen er sårbart for at manglande skjøtsel kan bidra til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Det bør stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald med beitedyr for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter som jordbruksbygd. Landskapet har flotte alm- og hasselskogar og for å oppretthalde særpreget til Eikesdalen og Eikesdalsvatnet bør desse skjøttast og haldast ved like.

Villrein og reinsjakt har vore viktig for folk i Eikesdal i tusenvis av år. Det finst mange spor etter jakt og fangst i fjellet i form av fangstgroper og bogastøer. Villreinen er svært var og sårbar for uro som av vegar, kraftliner og ferdsel.

Landskapet er sårbart for tiltak som vil kunne få negativ visuell effekt på landskapet som til dømes dominerande infrastruktur som vindkraftanlegg og kraftlinjetrasear, eller terrenginngrep som massetak, veganlegg, større hyttefelt eller andre anlegg. I samband med eventuell nybygging av hus og hytter, bør det takast omsyn til landskap og eldre busetnad når det gjeld plassering og utforming.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynsone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynsone og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan leggje føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



## 8. Gravdalen

### Fangst- og ferdslelandskap i høgfjellet

#### Molde kommune

Areal: 31 km<sup>2</sup>

Området ligg i landskapsregion: 15) Lågfjellet i Sør-Noreg (Nasjonalt referansesystem for landskap - NIBIO)

#### PLASSERING

Gravdalen er ein tverrdal i høgfjellet mellom Eikesdalen og Romsdalen, på austgrensa av Møre og Romsdal.

#### SKILDRING

Området ligg over tregrensa, i eit ulendt terreng der landskapet er prega av ur, kneisande tinderekker og



**Grovåskaret.** Steinmura fangstgrop til fangst av villrein. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

tronge fjelldalar. I dag er det få som ferdast her, men frå gammalt av var det vanleg å ta vegen gjennom Gravdalen når ein skulle vitje kjenningar på andre sida av fjellet.

Mellom Eikesdalen og Lesja har sambandet frå gammalt av vore tett. Desse banda vart i mange år markert ved årlege fjellstemne i Sandgrovbotnen og i Gravdalen. Her møttest grannar og slektningar frå begge sider av fjella.

Gravdalen har til alle tider vore ein del av trekkruta til villreinen. Namnet «Gravdalen» syner til dei mange fangstanlegga som det framleis finst spor av. På grunn av lite ferdsle og få menneskelege inngrep i nyare tid, har slike spor i stor grad fått stå urørde.

På sin veg aust- eller vestover har dyra tradisjonelt kryssa Gravdalen to stadar: ved utlaupet av Gravdalsvatnet og om lag fire kilometer lenger nede i dalen. Dyregraver som er gravne ned i jorda, er avdekt her.

I tillegg til desse to trekka, går der også eit rein-trekk gjennom Grovåskaret, sør for Gravdalen. Dette vert rekna som hovudtrekket for villreinen til og frå Romsdalsfjella, og her finst restar etter eit stort fangstanlegg.

Truleg var det villreinen som lokka dei første menneska til desse lite tilgjengelege fjellstroka. Her finst mange spor etter reinsdyrfangst; til dømes restar etter steinbuer der jegerar har søkt ly. Steinbuene er vanskelege å datere, og har også vore nytta i nyare tid. Funna i området stammar i hovudsak frå jernalder og mellomalder.

Grovåskaret, som ligg mellom dei høge toppane Grovåkampen og Kallbottinden, er ein port inn til dei nordlege og nordaustlege delane av Romsdalsfjella; der tusenvis av villrein årleg har passert. Terrenget og fjellformasjonane på begge sider av Grovåskaret er som skapt for driving av rein. For den einaste farbare vegen når reinen vart skremd vekk frå dei store og beiterike fjellbotnane på kvar side, gjekk nettopp gjennom dette skaret.

I Grovåskaret finst restar etter eit stort fangstanlegg. Den omfattande arbeidsinnsatsen som har vore lagt ned for å sette opp dette anlegget, syner verdien som staden må ha hatt for reinjegerane: Ein reknar med at om lag 250 kubikkmeter stein har gått med til sjølve bygginga. Ledegjerda, eller rettare:



**Utsikt over Grovåskaret.** I snøfonna i forkant i bilete, er det gjort funn frå førhistorisk villreinjakt og fangst. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

sperregjerda, har vore opp til 1,80 meter høge. Innanfor desse gjerda er det bygd steinbruvar som leier fram til kanten av åtte graver. Gravene er i sin heilskap lagt over bakkenivå.

I Grovåbotnen, om lag to kilometer unna fangst-anlegget i Grovåskaret, er det funne ei telttuft med sentral eldstad. I og med at tufta liknar tilsvarende funn som er tolka som samiske, kan dette tyde på at det også kan ha vore samisk deltaking i fangst-aktivitetane i dette området.

Smelting av brear og fonner, som følger av klima-endingane, fører til at det stadig vert avdekt nye,

arkeologiske funn i høgfjellet. Fonna i Grovåskaret, er den fonna som har gitt flest arkeologiske funn i Møre og Romsdal, frå jernalder og fram til Svartedauden i 1349. Rikdomen frå fangsten her bidrog truleg også til eit materielt oppsving i Eikesdalen og Romsdalen; noko funn av statusgjenstandar frå denne perioden kan tyde på.

Blant funna frå fonna i Grovåskaret var tilhogde trestykke frå skremmepinnar og tregjerde. Desse viste klare relasjonar til sperregjerda, noko som kan tyde på at dei også er frå perioden jernalder-mellomalder. Både skremmepinnar og sperregjerde har nok

vore plasserte ut i frå kor trekket gjekk på den tida, då fonna var mykje større enn ho er i dag.

Restane av skremmepinnar og tregjerde er dei første av slike gjenstandstypar som er funne i fjella i Midt-Noreg. I og med at Grovåskaret ligg langt over tregrensa, kan vi gå ut i frå at alt slikt tremateriale har vore frakta hit av menneske.

Opp til 1.200 reinsdyr kunne dagleg passere gjennom Grovåskaret. Dersom ein forsøker å rekne på kapasiteten i anlegget, det vil seie den tida som gjekk med til mellom anna klargjering og rydding av fangstgraver, kan vi gå ut i frå at det her let seg gjere å fange 20–30 dyr om dagen.

Store mengder slakteavfall, datert til jernalderen, er også funne i området. Slakteavfallet fortel ei tydeleg historie om at mange reinsdyr har vore tekne av dage her.

I dei fleste fonnene i Møre og Romsdal som er undersøkte av arkeologar, er det gjort funn av pilspissar og andre gjenstandar som har vore nytta til jakt. I Grovåskaret er det ikkje gjort slike funn, noko som kan tyde på at dette var eit reint fangstområde. Arkeologiske funn av fangstanlegg kring Gravdalsvatnet forsterkar dette inntrykket.

Området har også vært brukt til jakt- og fisketurisme på 1800-tallet. Ved sørenden av Gravdalsvatnet ligg ei fangstbu som vart sett opp omkring 1850 eller 1900 av ein britisk jeger, Mr. West. Bua skal vere sett opp i samband med sportsfiske i Gravdalsvatnet. Steinbua har også gitt namn til turisthytta Westbua. Også i dag er jakt og fiske ein viktig aktivitet her.

### LANDSKAPSKARAKTER

Gravdalen er ein tverrdal, som ligg i eit brattlendt i eit brattlendt høg fjellsområde prega av stein og ur. Sjølv dalen framstår derimot som grøn og lett framkomeleg sommarstid. Reinsdyrflokkane har gjennom alle tider kryssa dalen som ein del av trekkruta mellom aust og vest.

I Gravdalen finst eit breitt utval kulturminne knytt til fangst etter villrein i førhistorisk tid, som dyregraver som ligg i jorda og dyregraver som er mura opp, ledegjerder, steinbuer og telt-ringar. I nyare tid var Gravdalen, som ein tverrdal, ei viktig ferdsleåre mellom Eikesdalen og Romsdalen/Lesja, og såleis vart det knytt sterke band. På grunn av få menneskelege inngrep i området i moderne tid, har dei mange synlege spora etter den gamle fangstkulturen i stor grad fått stå urørt.

### NASJONAL INTERESSE

Landskapet i Gravdalen gir eit sjeldan innsyn i fangstmetodane etter villrein i høg fjellet i førhistorisk tid. Det er det rikaste funnområdet i Møre og Romsdal i sitt slag. Omfanget og den strategiske plasseringa av fangsten tyder på at verksemda har vore godt organisert. Utbyttet herifrå gav rikdom til bygdene omkring. Einskilde funn indikerer at det og kan ha vore samisk deltaking og ein grad av medverknad i utøvinga av denne fangsten.

I Gravdalen har det vore drive kontinuerleg jakt minst sidan eldre jernalder, sannsynlegvis heilt frå dei første jegerane kom til området i steinalderen, og fram til i dag. Funnmengd, omfang, tidsdjupne og det at mykje av anlegget framleis kan seiast å vere nokolunde intakt, gjer at fangst- og ferdslelandskapet i Gravdalen er av høg verdi.

### SÅRBARHEIT


Heile Gravdalen er del av Dalsida landskapsvern-område der føremålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturlandskap med kulturminne etter fangst og beitebruk, samanhengande leveområde for Snøhettareinen, og geologiske førekomstar og landskapsformer. Forvaltningsmynde er Dovrefjell nasjonalparkstyre.

Området er sårbart og utbyggingar som t.d. etablering av hyttefelt, veganlegg, straumliner, vindkraftanlegg eller andre større inngrep kan få negativ verknad på landskapet. Auka trafikk er også negativt for villrein som har trekkveggar i området.

Dei gamle ferdsleårene i område er sårbare for endring og vedlikehaldstiltak som kan føre til skade på kulturminna. Nye parallelle stigar bør unngåast

I Gravdal-området ligg fonner som smeltar som følge av klimaendringane. Smeltinga har avdekt eit rikt arkeologisk materiale knytt til villreinfangsten. Auka ferdsle og aktivitet i området kan truge desse sårbare spora etter førhistorisk fangstkultur.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynsone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast. Det bør ikkje utarbeidast retningslinjer til kommuneplanen for arealbruken som kjem i strid med verneforskrifta.





**Alnes på Godøy.** Foto: Krister Bjerke Haddal, Riksantikvaren.

## 9. Alnes på Godøya

### Fiskarbondelandskap

**Giske kommune**

**Areal: 9, 18 km<sup>2</sup>**

**Området ligg i landskapsregion: 20) Kystbygdene på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)**

#### **PLASSERING**

Godøya ligg ytst ute på kysten av Sunnmøre, og er den sørlegaste og vestlegaste av dei fire øyene i Giske kommune. Fjellet Storhornet (497 moh) deler øya i to. Godøya har frå gammalt av vore delt inn i tre gardar; Godøygarden, Juv og Alnes. Medan Godøygarden og Juv ligg på sørsida av Storhornet, ligg Alnes på nordsida.

#### **SKILDRING**

Alnes er eit oppe og relativt lite område med ein konsentrert busetnad. Husa ligg i klynge på strandflata, i livd for vêr og vind under ein terrasse i terrenget aust for innmarka. Her er våningshus, med uthus og lører på baksida og nausttrekkje langs sjøen. Bakom gardshusa ligg jordbruksareal i karakteristisk teigblanding, og beitebakkar strekk seg inn mot fjellsida.

Den store naturbeitemarka i Alneslia er ei av dei mest karakteristiske langs kysten av Møre og Romsdal. Kystlynghei oppe på fjellet, sanddyner, nordvendte kystberg og blokkmark, er viktige naturtypeførekomstar.





**Alnes fyrstasjon, Alnes.** Foto: Anders Amlo, Riksantikvaren.

På Godøya har det vore gardsdrift sidan førhistorisk tid. Gardane vart rekna som gode korngardar, med etter måten store avlingar. Både bygg og havre vart dyrka her.

Innmarka vart etter kvart delt opp i mange teigar. Kvar gard kunne ha 50–60 slike. Ved hjelp av bumerke på bytesteinane klarte bøndene å skilje teigane frå kvarandre. Utsiftinga, som her vart gjennomført i 1881 og i 1905, reduserte denne teigblandinga. Bruka på Alnes har likevel noko teigblanding framleis, med to til tre teigar tilhøyrande kvart bruk.

I tidlegare tider hende det at kyrne frå Juv og Alnes vart sendt på beite på den vestlege delen av fjellet. Framleis finst her restar etter sommarfjøs og mjølkestadar. Fjellet er bratt og farleg, så sidan 1800-talet har oppsitjarane stort sett halde storfeet nede i heimemarka. Fjellbeitet har vore reservert for geit og sau.

For bøndene på Godøya har fisket til alle tider vore ei viktig attåtning, og til tider sjølve hovudnæringa. Båt og naust hørde til på kvart einaste bruk. Under

det årlege vinterfisket etter torsk vart gardane på Godøya gjort om til fiskevær for båtlag frå fjordbygdene på Sunnmøre. Fiskarane kom gjerne i februar og vart verande fram til påsketider.

Til godt ut på 1900-talet var Alnes eit mykje nytta fiskevær, med kort veg til rike fiskegrunner. Under vinterfisket kunne 30–40 båtar liggje her samstundes. Kvar einaste heim hadde då tre til fire båtlag innlosjert, med 7–8 mann i kvart lag.

Fisket har halde seg som ein vesentleg næringsveg heilt fram til i dag. Dei første dekksbåtane kom på 1890-talet. Etter hundreårsskiftet fekk stadig fleire båtar sett inn motor, og reiskap og båtar har sidan følgt med tida sin mekanisering og teknologisering av fiskeflåta

Alnes har inga god, naturleg hamn. Vart vinden kraftig og havbåra høg, måtte båtane trekkast opp på land. For å betre desse tilhøva vart det på 1890-talet bygd molo på nordsida av hamna. Moloen tok av for dei verste båredraga. Etter kvart som fiskebåtane vart

større, vart hamn og molo også utvida. I 1960 stod moloen på sørsida av hamna, ferdig.

Klippfisktørring var lenge ei viktig attåttnæring på Godøya. På Alnes tørka dei fisk på steinmoloar, fram til 1930-åra. Her låg også trandamperi, som framstilte medisintran.

På Godøya fanst ikkje skog. Torv vart nytta til brenne. Gardane hadde sine torvmyrer på fjellet. I tillegg til torv, vart lyng og eine og nytta.

Tarebrenning var vanleg på Alnes. Strandlina var delt inn i små teigar, nettopp av omsyn til at brukarane dreiv med brenning av tare. Brenning i større målestokk kom i gang kring 1880. Taren vart tørka på marka om våren, og sidan brent i jordgroper, taremiler. På Alnes kunne ein sjå 20–30 brennande miler på ein gong. Osk vart selt til medisinsk bruk. Etter andre verdskrigen vart det slutt med dette arbeidet.

Det særprega fyret på Alnes vart reist i 1937, etter at det hadde vore fyrlykt på staden meir eller mindre samanhengande sidan 1850-talet. Fyrstasjonen er i dag ein del av eit opplevingssenter, som opna i 2016.

På 1960-talet vart det lagt veg langs Alnes-stranda. Vegen batt Alnes saman med gardane på sørsida av øya. Ved at den undersjøiske Godøytunnelen opna i 1989, vart Godøya ein del av fastlandsambandet mellom øyane i Giske og Ålesund. I 2006 vart ein ny veg mellom Alnes og Støbakk opna, med tunnel gjennom Storhornet.

### LANDSKAPSKARAKTER

Den opne plasseringa ut mot storhavet gjer at Alnes er mykje utsett for vêr og vind. Fjellet Storhornet skil Alnes frå dei andre grendene på Godøya. Det flatlendte strandflatelandskapet har også vore avgjerande for plasseringa av hus og tun. For, som ein av få stadar på Vestlandet, dannar husa på Alnes framleis ein, felles tunskipnad, aust for innmarka. Steingardar markerer skiljet mellom tun, innmark og utmark.

Nedanfor tunet ligg nausta på rekkje. Nærleiken til sjøen understrekar betydninga av det tradisjonelle vekselbruket mellom gardsdrift og fiske, og synleggjer historia om fiskeværet Alnes. Moloar på kvar side av hamna, vernar mot vind og bårer. Fyrstasjonen, med eit tårn som ragar 22,5 meter over bakken, er det synlegaste landemerket på staden.

### NASJONAL INTERESSE

På fiskeværet Alnes er bygningar, tunskipnad og driftsmønster tilpassa dei vêrmessige utfordringane som finst her ute ved storhavet. Dette er eit særprega øylandskap, med det opne kulturlandskapet på strandflata, omgitt av beitelier og bratte fjellsider på eine sida og sjøen på andre. Alnes står soleis som eit

levande døme på eit kystsamfunn der busetnad og kulturlandskap syner stor tidsdjupne, samstundes som fiskarbondetradisjonen framleis vert halden i hevd.

### SÅRBARHEIT

Alnes er med i den landsomfattande satsinga *Utvalde kulturlandskap i jordbruket* (UKL), ei tilskotsordning basert på spleiselag mellom landbruks-, natur- og kulturmiljøforvaltninga i Noreg. Satsinga er eit samarbeid med eigarar og brukarar. Det er utarbeidd eigen forvaltingsplan for området, og det vert tildelt årlege midlar til investerings- og skjøtseltiltak som mellom anna skal ta vare på kulturarven.

Landskapet på Alnes er sårbart for fleire ulike påverknader. Særskilt sårbart er det for større infrastrukturtiltak, som til dømes utbygging av vindkraft, kraftlinetrasear eller etablering av hyttefelt. Slike inngrep vil kunne forringe den visuelle opplevinga av eit oppe kystlandskap.


Den tradisjonelle tunskipnaden som framleis finst på Alnes, er sårbar, og under press. Dette gjeld også for dei gamle steingardane og utløene som markerer overgangen mellom innmark og utmark. Utbyggingspresset har auka dei seinare åra, etter som staden har blitt eit stadig meir populært reisemål for turistar frå fjern og nær. I tillegg til auka belastning frå dei mange besøkande, er jorดยta også konstant utsett for erosjon frå vêr, vind og bårdrag.

Plassering og utforming av evt. nye bygnader bør ikkje svekke opplevinga av kystlandskapet og dei maritime kulturminna som inngår i dette. Ny busetnad innanfor det gamle fiskeværet bør unngåast.

Manglande skjøtsel av landskap og manglande tilsyn med fråflytta bygningar, bidreg til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Det bør stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald, for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter av eit fiskarbondelandskap.

Det vêrharde kystklima og klimaendringane, med hyppigare stormar og meir nedbør, er eit trugsmål mot bygningar, kaianlegg og andre kulturminne i dette vêrutsette kystområdet.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynsone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynsone og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



# 10. Flåværleia

## Farlei og kystlandskap

Sande, Herøy og Ulstein kommunar

Areal: 316,2 km<sup>2</sup>

Området ligg i landskapsregion: 20) Kystbygdene på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

### PLASSERING

Flåværleia er ei farlei som går langs den sørlege kysten av Sunnmøre. Frå Stadhavet rundar Flåværleia Sandsøya før ho tek austover Herøyfjorden og gjennom Røyrasundet. Derifrå tek ho ei nordleg retning langs Skinnbrokleia og Ulsteinfjorden fram til Breisundet. I området kring Flåværleia ligg ei rekkje fiskerihamner.

### SKILDRING

Flåværleia har frå gammalt av vore den mest nytta siglingsleia langs Sunnmørskysten. Slik er det framleis. Også større fartøy, som til dømes Hurtigruta, nyttar denne leia.

Flåværleia er ei urein farlei. Her er store og mindre øyer, og eit uttal av holmar og skjær. Dei største øyene er brattlendte, nokre med fjellsider som skyt loddrett opp frå havet. Inn imellom desse, der det er mest livd mot vêr og vind og bårebrot, ligg dyrkbar jord og buande lende.

Terrenget på øyane vekslar mellom myrlendte flater og skoglause åsar og fjell. Gardsbruka har vore gjenomgåande små, og som regel drivne i kombinasjon



med andre inntektskjelder; først og fremst fiske, men også til dømes tarebrenning, fuglefangst og sanking av mose. Lyngkledd holmar vart før nytta til utmarksbeite.

Gardstunet bestod gjerne av fleire små driftsbygningar, båtstø og naust. Einskilde stadar, som til dømes Flø, er lite prega av nyare inngrep. Kulturlandskapet her syner stor tidsdjupne, der den gamle tunskipnaden og spora etter den tradisjonelle fiskarbonden, framleis er tekne vare på.

På øyene som omkransar Flåværleia finst ei rekkje spor etter kulturminne frå førhistorisk tid. Her ligg fleire steinalderlokalitetar, spesielt i midtre delar av leia: ved Herøya, Dimnøya og langs vestsida av Hareidlandet.

Sør i leia ligg Sandsøya med Dollsteinshola, ei fjellhole på vestspissen av øya. I Dollsteinshola finst aktivitetsspor etter menneske i perioden frå yngre steinalder til yngre jernalder. Langs Løsetstranda, nordvest på Gurskøya, ligg heile 63 gravrøyser. Gravrøysene stammar frå bronse- og jernalderen. Den største gravrøysa langs Flåværleia, og ei av dei største på heile Vestlandet, finn vi på Osnes i Ulsteinvik. Røysa er om lag seks meter høg og 45 meter i diameter. Også på Gåsneset i Ulstein og på Flø ligg førhistoriske gravrøyser.

På Kvalsund, på sørsida av Nerlandsøya, vart det i 1920 avdekt to båtar, tidfest til tidleg vikingtid (ca. 800 e.Kr.). Den største av dei var 18 meter lang, og var rigga med keiper for ti par årar. Funna på Kvalsund kan ha vore såkalla votivfunn, der båtanane var offergåver.

Herøya i Herøyfjorden vert også kalla «Sagaøya». Nemninga heng saman med at ho er omtalt fleire stadar i sagalitteraturen. På Herøya stod det tidlegare ei mellomalderkyrkje, bygd i stein. Kyrkja var hovudkyrkje for heile ytre Sunnmøre. På Herøya ligg også Herøy gard. Hovudbygninga vart reist i 1752, som prestebustad. Seinare vart her handelsstad. Bygningane på garden er i dag museum.

For å gi landkjenning nord om Stad, vart det allereie i 1767 tent eit fyrlys på øya Runde. Runde fyr er det eldste på Sunnmøre, og blant dei eldste i landet. For å syne dei sjøfarande den indre leia, vart Haugsholmen fyr sett opp på Frekøya i 1876. Som innsiglingsfyr til Flåværleia, vart fyret på Flåvær reist i 1870. Seinare er her også sett opp lykter, stakar og andre siglingsmerke.

Flåværleia har gjennom tidene ikkje berre vore ei siglingslei. Dette var også eit område folk frå heile regionen søkte til, for å drive fiske. Der farvatnet var smult og landingstilhøva gode, som ved Haugsholmen, Storholmen og Sandsøya, voks det fram fiskevær.

Eit av dei største fiskeværa var Sandshamn på Sandsøya. På 1860- og 70-talet vart det sett opp ei

rekkje bygningar her. Ein periode hadde Sandshamn også sitt eige sjukehus.

På Flåværholmane var det handelsstad med ei lunhamn, der dei sjøfarande kunne finne ly for vind og båretrag. I påvente av lageleg vær for å runde Stad, kunne båtar bli liggjande her i dagevis. Under vårsildfisket på 1800-talet vart Flåværholmane også eit fiskevær og knutepunkt for salting og omsetning av sild. Under fiskeria kunne opp til 1500 menneske vere samla på Flåværholmane. I 1928 fekk staden eigen skule.

Under andre verdenskrigen vart tyske vaktstyrkar utplasserte fleire stadar i området kring Flåværleia, mellom anna ved fyra på Svinøy og Runde. Øya Skorpa kom til å spele ei sentral rolle i motstandsarbeidet, som hamn for Shetlandsbussen og for annan alliert trafikk. Her tok motstandsfolk imot båtar med britiske og norske agentar, og her låg flyktningar i skjul, medan dei venta på å bli skipa over Nordsjøen. I motsetning til det som skjedde på mange andre, tilsvarende stadar langs kysten under krigen, vart motstandsarbeidet på Skorpa aldri avslørt.

## LANDSKAPSKARAKTER

Flåværleia går gjennom eit farvatn med fleire store øyer, og med eit utal av holmar, skjær og grunner. Landskapet vekslar mellom myrlendte flater og skoglause åsar og fjell. Området er rikt på kulturminne frå ulike tidbolkar, frå førhistoriske gravfunn til fiskevær og fyrstasjonar. Installasjonar for navigering ligg tett langsmed leia.

Tradisjonelle gardsskipnadar finst framleis; med våningshus, stabbur, løe og naust, gjerne orientert etter leia. Gardsbruka er små og vert ofte drivne i kombinasjon med andre næringar. Lyngheilandskapet vitnar om gode vilkår for beite i utmark og på øyer og holmar.

## NASJONAL INTERESSE

Frå gamal tid har Flåværleia vore nytta som ei trygg, innanskjers siglingslei nord om det vêrharde Stadhavet. Langs Flåværleia fann dei sjøfarande ly for storhavet, her var handelsstadar og fiskevær, og her låg kyrkjestaden. Langs leia finn vi ein kombinasjon av spor etter menneske langt tilbake i tid og eit nettverk av moderne installasjonar for navigering og landkjenning. Denne kombinasjonen gjer Flåværleia til eit tydeleg døme på den sentrale rolla som kysten har hatt, og framleis har, for å binde landet vårt saman.

## SÅRBARHEIT

Runde-Nerlandsøy vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994.

Øya Runde er kjent for rike sjøfuglbestandar, her finn ein fleire fuglefredningsområder og Ramsar-



**Skorpa, sumarfjøs.** Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

områder. Runde ligg også innanfor Naturvernområde der Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er Forvaltningsmynde.


Landskapet langs Flåværsleia er sårbar for fleire ulike påverknader. Særskilt sårbar er det for større infrastrukturtiltak, som til dømes utbygging av vindkraft, kraftlinetrasear, oppdrettsanlegg eller etablering av hyttefelt. Slike inngrep vil kunne forringe den visuelle opplevinga av eit ope kystlandskap og vil over tid vil vere med på å viske ut dei lange og tydelege tidslinene som framleis er synlege i landskapet langs Flåværsleia.

Tradisjonell gardsdrift er på vikande front her ute ved kysten. Manglande skjøtsel av landskap og manglande tilsyn med fråflytta bygningar, bidreg til at viktige kulturminne gradvis vert brotne ned og forsvinn. Stadig større delar av dei gamle beiteområda står i fare for å gro att. Det bør difor stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald, for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter av eit fiskarbondelandskap. Utplanting av nye og vokstervillige treslag, som til dømes sitkagran, bidreg til at attgroinga skyt ytterlegare fart.

Bygningsstrukturen langs Flåværsleia har sitt særpreg og er sårbar for endring. Plassering og utforming av evt. nye bygnader bør ikkje svekke opplevinga av kystlandskapet og dei maritime kulturminna som inngår i dette. Nybygg bør ikkje bryte med den opphavlege strukturen. Likeins er landskapselement som steingardar, åkerreiner og rydningsrøyser på innmarka sårbar for slitasje og endring, og bør ivareta-kast.

Klimaendringane, med hyppigare stormar og meir nedbør, er eit trugsmål mot bygningar, kaianlegg og andre kulturminne i dette vêrutsette kystområdet.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbar for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsyns-sone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningslinjer til omsynssona og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



# 11. Hjørundfjorden

## Fjordgard- og seterlandskap

**Ørsta, Sykkylven og Volda kommunar**

**Areal: 153 km<sup>2</sup>**

**Området ligg i landskapsregion: 22) Midtre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)**

### PLASSERING

Hjørundfjorden går i søraustleg retning, med innlaup frå Storfjorden. Det meste av fjordområdet ligg i Ørsta kommune, medan den nordaustlege delen høyrer til Sykkylven kommune. Delar av den sørlege fjordbotnen er frå 2020 blitt ein del av Volda kommune.

### SKILDRING

Hjørundfjorden er omkransa av høge, bratte fjell, som vekslar med slakare sidedalar. Kulturlandskapet langs Hjørundfjorden og Norangsdalen er prega av beitemarker og lier med varmekjær lauvskog. Dei bratte fjellsidene innetter fjordløpet har berre gitt plass til få og spreidde gardsbruk på landtangar og i hellingar.

I dei grøderike sidedalane Bondalen, Skjåstaddalen og Norangsdalen ligg gard etter gard opp etter dei flatbotna, u-forma dalføra; med høge fjell på kvar side. Dei rike fjellbeita som finst her, gav grunnlag for varig og stabil busetjing.

Dal- og strandsidene langs Hjørundfjorden inneheld mykje skredjord, som er næringsrik og gir gode vekstevilkår for gras. I dei nedre delane av sidedalane er jorda ofte skrinna, med mindre mold og meir grus og sand. Her er heller ikkje så mange fonntrygge stadar å finne.

Under slike tilhøve måtte gardstuna plasserast med omhug. Det beste var om gardstunet kunne liggje høgt og fritt i terrenget. At staden var solrik hadde særleg mykje å seie, då sola mange stadar er borte i vekevis om vinteren. Slike topografiske avgrensingar gjer det rimeleg å tru at tunskipnaden i dag er temmeleg lik slik han opphøveleg var.

Langs Hjørundfjorden er det spor etter gardsdrift langt tilbake, ikkje minst på vestsida av fjorden. Ved Store-Standal finst spor etter ard, som kan knytast til



Hjørundfjorden, sett frå Finnes. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.





**Urasetra, Norangsdalen.** Fem steinbuer, delvis gravd ned i bakken, i ly av større blokksteinar. Foto: Oskar Puschmann.

jordbruk i førhistorisk tid. Dyrkingsflater avdekt på Sæbø, tyder på gardsbusetnad her allereie i jernalderen. På Kvistad finst fossile dyrkingslag datert til sein bronsealder. Vidare innerter fjorden ligg gardar og grender som har ei lang historie knytt til seg.

Skår, sør for Sæbø, er ein av få veglause fjordgardar som framleis vert driven. Og på Finnes i Storfjorden står husa i klynge, som frå gamalt av. Inst inne i fjorden ligg grendene Bjørke, Leira og Viddal, og Skjåstaddalen, og Norangsfjorden med grendene Urke og Øye. På desse stadane er det etter måten gode vilkår for å dyrke jorda; trass i at det også her finst område med bratt lende og mykje stein.

I sidedalane kring Hjørundfjorden finst nokre av dei mest typiske setergrendene på Sunnmøre. Frodige fjelldalar høvde godt for stølsdrift, og stort sett alle gardane langs fjorden hadde seter. Fjellbeita gav grunnlag for produksjon og sal av kjøt.

Norangsdalen, som er mellom dei trongaste dalføra i Noreg, ber tydeleg preg av kampen mot naturkreftene. Ved Jelskredsvatnet er dalbotnen fylt av utrasa ur. På Urasætra og Stavbergsætra vart stølshusa sett opp i rekke der det var fonn-sikkert. Lygnstølvatnet vart danna etter eit ras i 1908. I vatnet kan vi framleis

sjå restar etter den gamle vegen, husmurane og grinda.

På Bjørke og i Skjåstaddalen ligg nokre av dei eldste profane bygga i fylket, der fleire kan tidfestast til perioden før 1537. Også fleire av bygningane på Bakketunet på Åkre kan tidfestast til mellomalderen. Bakketunet vert rekna som det eldste, heilskaplege gardstunet i Møre og Romsdal.

Sjøen var den viktigaste ferdslevegen langs Hjørundfjorden, men langs stranda gjekk også stiar og tråkk. Her kunne skredfaren vere stor, ikkje minst vinterstid. For at skuleborna skulle sleppe å sette av garde langs fonnfarlege stiar eller leggje ut på fjorden i allslags vør, vart det i 1915 bygd ein internatfolkeskule på Stavset. Skulen var internatskule i 35 år, og var i drift fram til 1965. Bygninga står der framleis, som den einaste av sitt slag i Møre og Romsdal.

Frå siste delen av 1800-talet vart Hjørundfjorden og Hjørundfjordfjella populære reisemål for utanlandske turistar. Både tyske cruisebåt-passasjerar og engelske fjellklatrarar strøymde til området. Turistskip ankra årvisst opp ved Øye, der eit hotell i sveitserstil vart oppført i 1891. Sjølv om hotellet vart utvida både i 1926 og i 1932, har det likevel framleis sitt særeigne, arki-



**Hotell Øye.** Foto: Oskar Puschmann.

tektoniske preg. Hotellet er og eit døme på at ein leverte prefabrikerte bygningar sist på 1800-talet. Firmaet Thams i Trøndelag var leverandør av hotellet.

#### LANDSKAPSKARAKTER

Klemte inne mellom ein djup, rein fjord og høgreiste tinderekkjer, ligg grøne bøar og levande gardar. Her og der opnar fjellsidene opp for brattlendte lier og slakare sidedalar, med større bruk, vidare beitemarker og setervollar. Slik er landskapet langs Hjørundfjorden.

For folket langs fjorden har dei frodige sidedalane i all tid vore ein viktig del av næringsgrunnlaget; som seterdalar, og som beitebruk.

Kulturlandskapet i desse dalføra, og ikkje minst dei mange verneverdige bygningane knytt til busetnad og stølsdrift, som til dømes mellomalderbygga i Skjåstaddalen, står som visuelle prov på denne samanhengen.

#### NASJONAL INTERESSE

Landskapet langs Hjørundfjorden sett klåre avgrensingar for kor det er mogleg å dyrke jord og drive gard. I tillegg til å vere solrikt og fonn-sikkert, må terrenget vere rimeleg flatlendt og jordsmonnet gunstig. Dermed har her ikkje vore så mange stadar å velje i. Tunskipnaden, slik han er i dag, må nok difor reknast som temmeleg lik slik han opphavelig var. Dette gjeld også for bruken av seterdalane som beitemark.

Fjordgard- og seterlandskapet langs Hjørundfjorden har stor tidsdjupne, med det som framleis utgjer eit levande samfunn av gardar og grender i spektakulære, og til tider krevjande, omgjevnadar.

#### SÅRBARHEIT

Norangsfjorden og Norangsdalen vart utpeika som særleg verdifulle i den nasjonale

registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994.


Hjørundfjorden og Norangsdalen er med i den landsomfattande satsinga *Utvalde kulturlandskap i jordbruket* (UKL), ei tilskotsordning basert på spleiselag mellom landbruks-, natur- og kulturmiljøforvaltninga i Noreg. Satsinga er eit samarbeid med eigarar og brukarar. Det er utarbeidd eigen forvaltingsplan for området, og det vert tildelt årlege midlar til investerings- og skjøtseltiltak som mellom anna skal ta vare på kulturarven.

Landskapet ikring Hjørundfjorden er sårbart for fleire ulike påverknader. Særskilt sårbart er det for større infrastrukturtiltak, som til dømes utbygging av vindkraft, kraftlinetrasear, eller etablering av masse- tak, veganlegg og hyttefelt. Slike inngrep vil kunne ha negativ visuell verknad på landskapet og bør unngåast. Evt. nye tiltak bør underordne seg landskapet både når det gjeld plassering og utforming. På og ved setervollane bør det ikkje byggast hytter.

Grender og bygdelag langs Hjørundfjorden opplever nedgang i folketalet. Held denne utviklinga fram, vil ho utan tvil vere det største trugsmålet også når det gjeld framtidig skjøtsel av kulturlandskapet. Landskapet vert såleis sårbart for nedlegging av den tradisjonelle jordbruksdrifta, husdyrhald og seteringa. Det bør difor stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald, for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter som jordbrukslandskap. Likeins er landskapselement som steingardar, åkerreiner og rydningsrøyser på innmarka sårbare for slitasje og endring, og bør ivaretakast.

Stadig fleire cruiseskip vitjar Hjørundfjorden kvart år, som mellom anna fører til aukande utslepp av miljøgifter i det tronge fjordløpet. Det vert viktig å sikre tilstrekkeleg kunnskap omkring konsekvensar av cruisetrafikken for samfunn, natur- og kulturmiljø.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynsone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynsone og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



# 12. Geirangerfjordområdet

## Fjord- og hyllegardslandskap

### Stranda og Fjord kommunar

Areal: 574 km<sup>2</sup>

Området ligg i landskapsregion: 23) Indre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO)

### PLASSERING

Området omfattar Verdsarvområdet – Vestnorsk fjordlandskap, med fjord- og hyllegardane som ligg kring halvøya mellom Norddalsfjorden og Geirangerfjorden.

### SKILDRING

I nord, sør og vest vert landskapet gjennomført av fire fjordar: Norddalsfjorden, Tafjorden, Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden. I sør og søraust er landskapet innramma av høge fjellmassiv som set det fysiske skillet mellom vest og aust. Dei fire fjordane er djupe og reine, omgitt av bratte hamrar som veksler med slake lier.

Storfjorden har gjennom tidene vore den viktigaste sambandslina mellom kysten og indre Sunnmøre.

Omgitt av bratte fjell og tronge dalar, var fjorden også ofte den einaste ferdslåra for dei som budde og levde her, ikkje minst på vinterstid. Det var kløv- og rideveg over Geirangerfjellet til Lom i Gudbrandsdalen og mellom Eidsdalen og Geiranger, men fjorden var vegen som batt folk i hop, og færingen var det viktigaste framkomstmiddelet.

Ein og annan stad langsetter fjorden, der det var rimeleg flatlendt og skredsikkert, vart det rydda jord og sett opp våningshus, fjøs og naust. Andre fann fram til plassar lenger oppe i fjellsida, gjerne på hyller der terrenget var slakare. Herifrå var det som regel også kort veg til utmark og fjellbeite. Gardstuna ligg ofte ulendt til, og er enklast å nå med båt. Husa er i dag fråflytta, men mange av dei vert framleis teke godt vare på, og nytta som fritidsbustadar. Gardane har ei historie som går langt tilbake i tid.

Sommaren 2018 vart det gjort arkeologiske undersøkingar på nokre av fjord- og hyllegardane langs Storfjorden. Desse synta at fleire av gardane hadde vore i bruk allereie i før-romersk jernalder (om lag



Utsikt over fjordlandskapet frå hyllegarden Blomberg, Geirangerfjorden. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

300 f. Kr.). Kollag vitnar om at her har blitt rydda jord, truleg til beite. Slike rydningslag vart funne både på Skageflå, og på Øvstegarden og ei av setrene i Oaldsbygda.

Spor etter stabil åkerbruk finn vi ikkje før langt seinare. På Midtgarden i Oaldsbygda finst spor etter korndyrking i høgmellomalderen (1150–1350 e. Kr.). Bygg var det vanlegaste kornslaget. Husdyrhald har truleg også vore viktig på denne tida.

Her er også funne spor etter jakt og fangst i frå førhistorisk tid. Tidfestinga av slike funn kan tyde på at det i løpet av mellomalderen skjer ei endring når det gjeldt næringsgrunnlag; frå jakt og fangst til husdyrhald.

Mot slutten av mellomalderen og i tidleg nytid skjedde ei rask utviding av busetnaden langs Storfjorden og Geirangefjorden. Mellom anna vart den historiske gardsbusetjinga i Gomsdalen og på Blomberg etablert. Dette kan også ha skjedd på Skageflå. Eit overordna inntrykk er at dei høgastliggjande gardane jamt over er noko eldre enn gardane nede ved sjøen. Dette kan ha samanheng med gode beiteområde oppover mot høgfjellet.

Mange av gardane hadde seter. Einskilde stadar, som til dømes ved Kilstivatnet, låg fleire seterbruk i lag. I Storfjord-området er det i dag berre éi seter som framleis vert drifta, Herdalssetra i Norddal. Talet på besøkande på setra er stort. Bøndene som driv her er viktige tradisjonsberarar og formidlarar av kultur-

historia og er produsentar av kortreist, lokalprodusert mat. På 1600-talet, kanskje også før den tid, var det fast busetnad i Herdalen. Sidan tidleg på 1800-talet har her vore stølsdrift.

Utover på 1800-talet auka folketalet på gardane langs Storfjorden. Nokre av dei vart delte opp i fleire bruk, andre vart busett på nytt etter å ha lege aude ei tid. På dei mest brattlendte plassane kunne jordsmonnet vere skrint. Her var gjerne næringsgrunnlaget tredelt: krøterhald, skogdrift og fiske.

Eit døme på ein slik gard er Uranes, rett over fjorden frå Stranda. Familien som flytte hit i 1892, heldt seg med geit og sau. Storfehald var vanskeleg i dette terrenget, der krøtera ofte måtte bergast ut frå fjellhyller der dei hadde gått seg fast.

På Uranes var det berre eit mindre område som kunne slåast med lå på vanleg måte. Elles var det å fare med låen mellom stein og ur, langt innerter stredene og høgt oppe i fjellsida. Der låen ikkje strekte til, vart tollekniven nytta. Graset vart samla i eit nett av tau og trilla ned til sjøen, der det vart turka. Lauv, særleg frå ripsbuskar og almetre, vart nytta som tilleggsfôr. I vinterhalvåret gav vedhogst eit jamt og sikkert inncome for familien på Uranes.

Utover på 1900-talet gjekk folketalet på fjord- og hyllegardane langs Storfjorden jamt tilbake, men tok seg mellombels opp att under andre verdskrigen. I løpet av 1950-åra vart dei fleste av desse gardane fråflytta.



**Herdalssetra.** Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

Geirangerfjorden var ein av dei aller første fjordane i Noreg som vart oppdaga av utanlandske turistar. Allereie i siste halvdel av 1800-talet var både tyske keisarar og britiske lordar med på å gjere Geirangerfjorden, og bygda Geiranger, til ei merkevare for denne gryande næringa.

Etter kvart som hotellkapasiteten vart større og vegnettet bygd ut, auka også tilstrøyminga av tilreisande. Dei seinare åra har det meste av auken vore knytt til at stadig fleire cruiseskip tek turen inn Storfjorden og Geirangerfjorden.

### LANDSKAPSKARAKTER

Landskapet er prega av høgreste fjellrekker som vekslar med slake lier, og som vert gjennombora av djupe og reine fjordløp. På begge sider av fjordløpa ligg gardsbruk og grønne bøar; nokre på landtunger heilt nede ved sjøen, andre på berghyller høgare oppe.

Landskapet syner tydeleg korleis menneska har klart å tilpasse seg under svært marginale tilhøve, med brei ressursutnytting frå fjord og fjell, frå dyrkajord og frå utmark.

### NASJONAL INTERESSE

Den nasjonale og internasjonale interessa knytter seg både til det særprega fjordsystemet, og til kulturlandskapet med fjord- og hyllegardane. Dette er eit landskap med stor tidsdjupne, frå førhistorisk tid og fram til andre halvdel av 1900-talet. Fjorden som ferdslære har lagt grunnlaget for dette og har gjennom meir enn hundre år vore ein magnet for tilreisande frå fjern og nær. Både tyske keisarar og britiske turistar la sine fjordcruise hit, og gjorde sitt til at området tidleg vart eit kjent turistmål.

### SÅRBARHEIT

Området har status som verdensarv, og er del av Vestnorsk fjordlandskap. Vestnorsk fjordlandskap blei skriva inn på verdsarvlista til UNESCO i 2005. Området er skriva inn på grunnlag av to hovudkriterium: naturvenleiken og sjølve fjordlandskapet med det breie spekteret av landskapsformer knytt til dei inste delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda. Kulturlandskapet tilfører ein ekstra dimensjon som aukar den samla verdien av området. Geirangerfjordområdet omfattar Geiranger–Herdalen landskapsvern område, naturreservata Kallskaret og Hyskjett, bygda Geiranger og dei tre fjordane Geirangerfjorden, Sunnlyvsfjorden og Tafjorden.

Landskapsvern område er regulert gjennom eiga forskrift. Verneområdestyret er forvaltningsmynde for landskapsvern området og naturreservata. Det er vernereglane og forvaltnings- og skjøtselsplanane for dei verna områda som gjeld her. For å styre bruken av

området vert det arbeidd med ein eigen besøksstrategi, der sårbarheit vert kartlagt og tiltak utforma. Føremålet med denne strategien er å auke forståinga av dei ulike vernetiltaka, samstundes som dei som vitjar området framleis skal kunne få oppleve dette storfelte natur- og kulturlandskapet.

Geirangerfjorden vart utpeika som særleg verdifullt i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994.

Landskapet Geirangerfjordområdet er sårbart for fleire ulike påverknader. Særskilt sårbart er det for større infrastrukturtiltak etablering av massetak, veganlegg og hyttefelt. Slike inngrep vil kunne ha negativ visuell verknad på landskapet og bør unngåast. Evt. nye tiltak bør underordne seg landskapet både når det gjeld plassering og utforming tilpassast landskap, terreng og den tradisjonelle busetnaden. Ein bør hindre nedbygging av matjord i sentrale delar av dalføret.


Landskapet er også sårbart for fråflytting og dermed nedlegging av den tradisjonelle jordbruksdrifta, husdyrhald og setering. Det bør difor stimulerast til fortsett jordbruksdrift og husdyrhald, for å hindre attgroing og sikre at området beheld sin karakter som jordbrukslandskap. Dei aller fleste av gardane i Storfjordområdet er i privat eige. Både eigarane sjølve, og frivillige krefter med foreininga Storfjordens Venner i spissen, gjer ein stor innsats med vøling og vedlikehald av bygningar, og med innmarksslått. Over tid er dette krevjande. Likeins er landskapselement som steingardar, åkerreiner og rydningsrøyser på innmarka sårbar for slitasje og endring, og bør ivaretakast.

Klimaendringane set også spor etter seg i dette området. Små alpine snøfonner, som er karakteristiske trekk i landskapet, minkar for kvart år som går.

Den store turistmetrafikken i området bør ikkje vere i utakt med dei eksisterande verdiane i landskapet, men ta omsyn til nedarva verdiar

Stadig fleire cruiseskip vitjar Geirangerfjorden kvart år, som mellom anna fører til aukande utslepp av miljøgifter i det tronge fjordløpet. Det vil vere viktig å sikre tilstrekkeleg kunnskap omkring konsekvensar av cruisetrafikken for samfunn, natur- og kulturmiljø.

For å ta vare på verdiane, ta omsyn til det som landskapet er sårbart for, og sette rammer for arealbruken, kan det vere aktuelt å syne heile eller delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynsone c) med særskilt omsyn til landskapet. Retningsliner til omsynsone og generelle føresegner til kommuneplanens arealdel kan legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast.



Riksantikvaren

Pb. 1483 Vika, 0116 Oslo

Besøksadresse / Dronningens gate 13

Tlf. / 22 94 04 00

Faks / 22 94 04 04

E-post / [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)

[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)